

Bonden sin kulturmarksflora for Vestlandet



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Bolette Bele, Ann Norderhaug, Inger Auestad og Mons Kvamme

NIBIO BOK 4(7) 2018

Bonden sin kulturmarksflora for Vestlandet



NIBIO

NORSK INSTITUTT FOR
BIOØKONOMI

Bolette Bele, Ann Norderhaug, Inger Auestad og Mons Kvamme

NIBIO BOK 4(7) 2018

NIBIO BOK vert utgjeve av: Norsk institutt for bioøkonomi,
Postboks 115, NO-1431 Ås.
e-mail: post@nibio.no

Denne utgjevinga: NIBIO, Avdeling for kulturlandskap og
biomangfold, Divisjon for matproduksjon og samfunn.
ISBN-13 nummer: 978-82-17-02095-0
ISSN nummer: 2464-1189

Fagredaktør: Divisjonsdirektør Mogens Lund
Ansvarleg redaktør: Forskingsdirektør Per Stålnacke

Referanse: Bele, B., Norderhaug, A., Auestad, I. & Kvamme, M. 2018.
Bonden sin kulturmarksflora for Vestlandet. NIBIO BOK 4(7) 2018, 123 s.

Fotografer: Bolette Bele, Synnøve Norddal Grenne, Leif Hauge,
Egil Michaelsen, Ann Norderhaug, Ellen Svalheim, Pål Thorvaldsen,
Kristin Vignander

Framsidedfoto: © Ann Norderhaug

Omslagsfoto: © Bolette Bele/NIBIO

Font: Brødtekst: Berkeley Oldstyle Book
Overskrifter: Vag Rounded bold

Opplag: 4750
Grafisk produksjon: xide.no

Innhald

Føreord	4
1. Tradisjonelle kulturmarker	5
1.1 Slåttemark	6
1.2 Beitemark (naturbeitemark)	8
1.3 Kystlynghei	9
1.4 Lauveng og hagemark	10
1.5 Beiteskog	11
1.6 Haustingsskog	12
1.7 Slåtte- og beitemyr	13
1.8 Strandeng	14
1.9 Dyneeng	15
1.10 Vegkantar	16
1.11 Tørrbakkar, knausar og kantar	17
2. Planteskildringar	18
3. Omgrep	120
4. Alfabetisk planteliste	122
5. Kjelder	123

Føreord

Denne felthandboka er skreve for dei som ynskjer å gjera seg betre kjent med nokre av dei typiske planteartane vi finn i kulturlandskapet på Vestlandet. Vi har gjort eit utval på vel hundre slike artar. Dei fleste artane er avhengige av jordbruksdrift og skjøtsel for å overleve. Nokre av dei er trua og står på den norske «raudlista» over trua artar (www.artsdata-banken.no). Vi har òg skildra nokre artar som kan fortelje oss om ulike fasar i attgroinga, det vil seie om tilstanden til kulturmarka. Vi har sett fokus på blomeplanter (urter), og berre teke med nokre få grasartar i denne floraen, sjølv om det ofte er grasartane som dominerer dei gamle kulturmarkene. Årsaka er at gras oftast er vanskelege å bestemme til art. Artane som vert omtala i felthandboka er ordna etter blomefarge. Tre og busker er i liten grad omtala i boka, sjølv om dei også spelar ei viktig rolle i kulturlandskapet.

Felthandboka har teke utgangspunkt i litteratur som «Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker» redigert av Norderhaug, Austad, Hauge og Kvamme, «Norsk flora» av Lid & Lid, «Om hävden upphör» av Ekstam & Forshed, samt «Gyldendals store nordiske flora» av Mossberg mfl. Kjeldene er ført opp i ei liste bak i floraen.

Til fleire av plantene er det også knytt mykje interessant lokalhistorie, slik som dialektnamn og

andre tradisjonar. Ei viktig kjelde til slik informasjon er Ove Arbo Høeg si bok om «Planter og tradisjon», frå 1974. Vi håpar at dei eksempla som er teke med, vil gje lesaren rikare opplevingar i kulturlandskapet på Vestlandet.

Arbeidet med floraen er utført av NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi), avdeling for kulturlandskap og biomangfald i samarbeid med Inger Auestad, Høgskulen på Vestlandet og Mons Kvamme, Ballast Miljøhistoriske Fagtenester i Bergen.

Floraen er gjeve ut med støtte frå Miljødirektoratet, og NIBIO har stilt bilete til disposisjon. Tusen takk til Dordi Kjersti Mogstad (Miljødirektoratet) for nyttige innspel til felthandboka og til Synnøve Nordal Grenne (NIBIO) for korrekturlesing.

Floraen vil mellom anna bli brukt i arbeidet med oppfølginga av handlingsplanane for slåttemark og kystlynghei.

Denne floraen skildrar kulturmarker i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Dei «gamle» fylkesnamna er nytta i denne samanhengen, sjølv om det no føregår ei regionreform.

15. April 2018
Trondheim, Nøtterøy, Sogndal, Bergen

*Bolette Bele, Ann Norderhaug,
Inger Auestad og Mons Kvamme*

1. Tradisjonelle kulturmarker

Gamle eller tradisjonelle kulturmarker er areal prega av slått og beiting, men der vegetasjonen likevel er dominert av planter som veks naturleg i området. Slike areal er ikkje oppdyrka og vert difor omtala som semi-naturlege naturtypar. Vegetasjonen i desse kulturmarkene har gjennom lang tid vorte påverka av menneske og beitedyr og det har utvikla seg ei heilt spesiell samansetjing av planteartar.

Slått og beiting held landskapet ope fordi oppslaget av busker og tre vert halde attende. Dermed får dei ljøskrevjande og ofte konkurransevake engartane gode levetilhøve. I Noreg reknar vi med å ha omlag 650-700 engartar, det vil seie planteartar som veks i open eng. Mange av desse finn vi òg i det vi kan kalle «naturleg opne leveområde», som til dømes i fjellheiar over skogsgrensa, på strandberg, elveøyror eller i område utsette for jord- og snøras. Men om lag halvparten av engartane har få eller ingen andre leveområde enn slåtte- og beitemarkene i kulturlandskapet, og vil forsvinne dersom engene gror att, vert nedbygde eller vert lagt om til meir intensiv drift med gjødsling og oppdyrking. Andre organismar som til dømes mange sopp- og insektartar er også avhengige av dei gamle kulturmarkene og vert trua dersom desse kjem bort.


Beitemarker og slåttemarker har mange felles planteartar, og det er ikkje alltid like lett å skilje dei frå kvarandre. Tradisjonelt var det også vanleg med vår- og haustbeite på slåttemarkene slik at skiljet mellom

dei ikkje blei så skarpt, og denne driftsmåten er enno vanleg på Vestlandet. Mange av dei areala som i dag er beitemark har tidlegare vore slåttemark, og dette gjer skiljet mellom dei endå vanskelegare. Slått og beiting påverkar likevel vegetasjonen noko ulikt, og det er difor nokre kjenneteikn ein kan sjå etter:

- Mangfaldet av planteartar er vanlegvis høgare i slåttemarka enn i beitemarka under tilhøve som elles er like.
- Slåttemarka har vanlegvis eit mindre innslag av stein enn beitemarka. Slåttemarka har vorte rydda for stein, og det er difor vanleg å finne rydningsrøyser her.
- Beitemarka har gjerne eit typisk innslag av planteartar som beitedyra unngår, slik som til dømes einer. I slåttemarka får ikkje eineren etablert seg fordi den vert teken av ljåen/slåmaskina. Beitedyra unngår også planter som er giftige og med dårleg smak, slik som soleier, sølvbunke og finnskjegg. Slike artar kan difor bli meir dominerande i beitemark enn i slåttemark.



Beitemark med styva tre, Rogaland.
Foto: © A. Norderhaug.



Eikeskogsbeite i Sandnes, Rogaland.
Foto: © P. Thorvaldsen/NIBIO.

Tørre kulturmarker: på sjølv-drenerande mark, ofte vendt mot sør. Tørke er ein viktig faktor, og her vekst det planter som toler tørke godt.

Friske kulturmarker: på så djup jord eller med så godt tilsig at tørke sjeldan spelar nokon rolle. Arts-samansetjinga varierer sterkt.

Fuktige kulturmarker: på djup humusjord med jamt høg vass-stand. Vegetasjonen er dominert av fuktkevjangande planter.

1.1 Slåttemark

Dei tradisjonelle slåttemarkene er areal i innmark eller utmark som ein slo fast seint i sesongen, men dei vart lite eller ikkje gjødsla og heller ikkje dyrka opp. I slåttemarkene er planteartane jamnare fordelt enn i beitemarkene, og dei er oftast også meir urterike (blomerike). På Vestlandet vart slåttemarkene gjerne beita i ein kortare periode om våren og ofte langt utover hausten.

Det er stor variasjon i floraen i slåttemarkene på Vestlandet, frå nord til sør, frå låglandet til fjellet og ikkje minst frå kysten og til dei innte fjordstrøka. Slåttemarkene i dei indre strøka har mange artar til felles med slåttemarkene på Austlandet og i Midt-Noreg. Døme på slike artar er engknoppurt, raudknapp, prestekrage, engtjæreblom og engnellik. Desse artane vert sjeldnare utover mot kysten. I kystengene kan ein i staden finne artar som kystblåstjerne, jordnøtt, kystgrisøyre og svartknoppurt.

Planteartar som er vanlege i slåttemarkene på Vestlandet er mellom anna ryllik, blåklokke, raudkløver, smalkjempe, engsyre og grasartar slik som gulaks, engkvein og raudsvingel. Artsinnhaldet varierer likevel mykje med fukttilhøva. I fuktige engar kan ein finne hanekam, blåtopp og (der det er ganske næringsrikt) engkarse, medan det i dei tørre engene i indre strøk kan vekse gulmaure, hårsveve, tirlunge, gjeldkarve og lækjeveronika.

Slåttemarker som er litt kalkhal-dige er dei mest artsrike. Der kan ein finne marinøklar og orkidéar, slik som brudespore, vårmariland, og grov nattfiol samt grasartar som hjartegras og dunhavre.

Når slåttemarkene vert liggjande brakke vert dei invaderte av artar som bringebær, geitrams, mjødurt og etter kvart også busker og tre som gråor, selje og ask. Samtidig med at areala gror att vil dei ljosesel-

skande engartane forsvinne. Dei tradisjonelle slåttemarkene har vorte svært sjeldne og slåttemark vert no rekna som ein trua naturtype. Mange av dei artane som høyrer heime her har også gått sterkt attende og fleire er trua (www.artsdatabanken.no).

For å hindre at dei verdifulle slåttemarkene som enno finst, gror att eller forsvinn på anna vis, vart slåttemark i 2011 ein utvalt naturtype som får oppfølging gjennom ein eigen handlingsplan (www.miljodirketoratet.no).

I dette arbeidet er det viktig at slåttemarkene vert skjøtta på tradisjonelt vis i høve til dei lokale tradisjonane og tilhøva. Ein må nytte lette maskiner eller reiskap, og høyet må fjernast etter slått. Dei fleste slåttemarkene har tidlegare vorte beita vår- og/eller haust. Det er viktig at dette også vidareførast. Elles kan det vere aktuelt å slå to gonger årleg, ein gong tidleg i sesongen (siste del av mai-fyrste del av juni) og ein gong etter at bløminga er over, gjerne i august.



Artsrik slåttemark på Ormelid i Luster. Foto: © P. Thorvaldsen/NIBIO.

1.2 Beitemark (naturbeitemark)

Naturbeitemark er udyrka beitemark som er lite eller ikkje gjødsla. Beitemarkene vert sterkare påverka av beiting og tråkk enn slåttemarka, som kun vert beita i kortare periodar om våren og/eller hausten. Beitemarka får difor ei anna utforming og delvis eit anna artsinnhald enn slåttemarka. Beitemarka er dominert av gras og såkalla halvgras (bl.a. storr) og har ei meir ujamn fordeling av planteartane. Næringskrevjande artar som stornesle førekjem ofte flekkvis der dyra har faste kvilestader og det vert godt oppgjødsla. Tråkkpåverkinga gjer at eitt- og toårige artar som treng bar jord for å spire, t.d. bakkesøte, er

vanlegare i beite- enn i slåttemark. Tråkkømfintlege artar derimot, slik som mange av orkideane, er ikkje så vanlege i beitemark. Beitedyra vrakar dessutan giftige, stikkande, seige og usmakelege planter og artar som soleier og tistlar vert av den grunn ståande att.

I dei tørre beitemarkene kan ein i tillegg til grasartane også finne artar som stemorsblom, lækjeveronika og småsyre. I beitemarker med betre fukttilhøve veks mellom anna ryllik, engsoleie, følblom, tepperot, kvitkløver, engsyre og ved kysten også kystmaure og jordnøtt. I fuktig og middels næringsrik beitemark kan ein til dømes finne mjødurt, krypssoleie og sølvbunke.

I tillegg til nærings- og fukttilhøva vert artssammensetjinga også påverka av kva slags husdyr som beiter på arealet og kor sterkt beitestrykket er. Artsmangfaldet vert vanlegvis størst ved middels beitestrykk. Dersom beitestrykket er for sterkt overlever berre eit fåtal artar, til dømes groblad, blåkoll, løvetann og ein del grasartar.

Artsrike beitemarker er viktige for det biologiske mangfaldet og bør difor takast vare på og skjøttast. Aller helst bør ein nytte same husdyr og om lag det same beitestrykket som tidlegare, men sambeite kan vere positivt både for vegetasjonen og beitedyra. Blomerike beitemarker vert best skjøtta med storfe.



Naturbeitemark i Vindafjord, Rogaland.
Foto: © A. Norderhaug.

1.3 Kystlynghei

Det opne landskapet langs kysten av Vestlandet utgjør ein mosaikk av kystlynghei, grasmark og fattigmyr. Dette landskapet er langt på veg forma av folk og fe i kystbygden gjennom skogrydding, brann og beite over fleire tusen år. Golfstraumen gjer at vintrane er milde, og difor kan sau og geit gå ute heile vinteren. For at dyra skal finne nok mat heile året, har kystbøndene til alle tider halde dei røsslyng-dominerte kystlyngheiane i god hevd. Dette gjev sikker beitetilgang for husdyra (sjå meir under røsslyng).

Fleire tilhøve har innverknad på utforminga og artsinnhaldet i kystlyngheiane, men ein av dei viktigaste er hevdformen. I ung hei med høveleg beitetrykk, vil det nokre år etter brenning utvikle seg ein variert flora i tillegg til dei unge røsslyngplantene. Vanlege artar er heiblåfjær, tepperot, kystmyrklegg, kystmaure og blåknapp. På lune sørvende stader kan ein óg finne fagerperikum. Vanlege beitegras er gulaks, engkvein og smyle. I tørr hei veks også artar som tiriltunge, kattefot og lyngaugnetrøst. Røsslyng er langt frå den einaste lyngarten i kystlyngheiane, andre døme er tyttebær, blåbær, krekling og mjølbær. Ei rekkje halvgras er også vanlege i kystlynghei, mellom anna bråtestorr, heistorr og heisiv.

Røsslyngplanten likar godt det fuktige kystklimaet. Typisk for røsslyngen er at den byggjer opp sitt eige jordsmonn, og det aller meste av kystlyngheiane ligg difor på torvgrunn. Dette gjev grunnlag for ulike former for fukthei som gradvis går over i næringsfattig myr. I fukthei-

ane veks i tillegg til røsslyng mellom anna klokkeling, blokkebær, kystmyrklegg og flekkmariland. Det høge graset blåtopp er vanleg i fukthei, og kan somme stader verta dominerande. I randsonene mot myrområda finst ofte rome og den aromatiske busken pors.

Nokre få artar er ekstremt kjenslevare for vinterfrost. Den mest kjende av dei er purpurlyng, som berre veks i kystlynghei i dei aller ytste kyststroka mellom Nord-Jæren og Søre Sunnmøre.

I dag er kystlyngheiane ein trua og raudlista naturtype med ein eigen handlingsplan. Gjennom arbeidet med handlingsplanen vert det sett fokus på restaurering og tradisjonell skjøtsel for å ta vare på naturtypen og artane knytt til den. Med unntak av dei som driv med utegangardrift, hovudsakleg med villsau, har den tradisjonelle bruken mange stader



Kystlynghei på Lygra.
Foto: © A. Norderhaug.

stogga heilt opp. Utan aktiv drift gror heiane snøgt til med einer, og etter kvart tek krattskog av bjørk, rogn og furu over. Denne utviklinga har gått føre seg i over hundre år,

men særleg etter siste verdskrig har den skote fart. Det er i dag under ti prosent att av dei tradisjonelle kystlyngheiane på Vestlandet.

1.4 Lauveng og hagemark

Lauveng og hagemark er tresette slåttemarker og naturbeitemarkar. I lauvenga står trea spreidde, og dei har karakteristiske små kroner på grunn av hausting til før (lauving, styving). Ask og alm gav det mest næringsrike føret, men også andre treslag som bjørk og selje vart nytta. I frodige lauvenger kan ein finne hasselbusker, som også vart hausta (nøtteproduksjon og/eller stubbelauving til tønneband). Vi finn stort sett dei same urtene og grasa i lauvenga som i open slåttemark, men i dei skuggerike partia under trea veks det meir skuggetolande artar. Karakteristiske artar i lauvenger er mellom anna tviskjeggveronika, skogfiol, kusymre og vårmarihand.

I hagemarka står trea gjerne noko tettare enn i lauvenga, men ikkje

tettare enn at det kjem mykje ljøs ned til gras og urter. Bjørk er det vanlegaste treslaget i hagemarkene, men kva treslag som dominerer varierer og avheng av dei økologiske tilhøva. Einer veks i dei fleste hagemarkene, og varierer mykje både i form og høgde. Nokre stader kan ein finne hagemark dominert av høge søyleeiner. Gras- og urtefloraen er i stor grad samansett av dei same artane som i open naturbeitemark, men har innslag av meir skuggetolande artar. Vanlege artar i hagemarkene er til dømes lækjeveronika, blåkoll, blåknapp, tepperot og ryllik. Tre og busker i hagemarka vart nytta mellom anna til ved, men trea kunne også bli styva og hausta til før.

Handlingsplanen for slåttemark omfattar også lauvengene som i dag er ein svært sjeldan naturtype. Arealet av hagemark er også sterkt redusert. Attgrodde lauvenger og hagemarker kan restaurerast ved hogst og tynning av glenner og rydding av kratt. Vidare må slike areal følgjast opp med årleg slått eller beiting. Styvingstre som ikkje vert hausta, får etter kvart ei svært stor krone slik at dei lett går over ende ved store snømengder eller sterk vind. For å ta vare på slike tre, må dei difor restaurerast og etterpå styvast med jamne mellomrom.



Lauveng under restaurering i Mørkridsdalen.
Foto: © B. Bele/NIBIO.

1.5 Beiteskog

I beiteskogen står trea tettare enn i hagemarkene, men likevel ikkje så tett som i skog som ikkje vert beita. Alle slags skogstypar har vorte nytta til beite. Vegetasjonen i beiteskogane er difor ein mosaikk av upåverka, tettare skogsvegetasjon og meir eller mindre open og beitepåverka vegetasjon særleg langs stiar og i glenner. I beiteskogen finst det vanlegvis mange ulike treslag av ulik alder, og einerbusker er eit karakteristisk innslag. Beiteskogen er meir grasrik enn skog som ikkje vert beita og artssamansetjinga i feltsjiktet er ei veksling mellom ljoselskande engartar, kantartar og skogsartar. Døme på vanlege artar i beiteskog er markjordbær, jonsokkoll, tviskjeggveronika og harerug. Også mange soppartar, til dømes kantarell, vert favorisert av beitinga.

Beiteskogen er oftast meir artsrik enn tilsvarande skog som ikkje vert beita. Mange artar er avhengig av dei ljosopne tilhøva som beitinga medfører og forsvinn når skogen blir tettare. Utmarksbruken har gått sterkt attende i seinare tid, det gjer at beiteskogen i dag vert vurdert som ein nær trua naturtype. Å halde oppe skogsbeitinga også i tida framover, har svært mykje å seie for det biologiske mangfaldet vårt.



Skogsvegetasjonen vert beita sterkast langs buføringsveggar og stiar. Foto: © B. Bele/NIBIO.

1.6 Haustingsskog

Lauvskogar i bratte ller, steinurer og på andre stader der tilhøva ikkje låg til rette for beiting eller slått, vart ofte nytta som haustingsskogar. Dette er ein bruk der trea vert hausta til før (styva) ved lauing (hausting av om lag 5 år gamle kvistar med lauv) eller rising (hausting av kvistar med knoppar). Typisk for haustingsskogane er at trea står tettare enn det dei gjer i lauvenga og i hagemarka og det er også ein større variasjon i samansetjinga av treslaga. Trea i haustingskogane fekk vanlegvis også vekse seg høgare. Det var vanleg å styve både alm, ask, lind, eik, bjørk og selje. Hassel, gråor og fjellbjørk vart ikkje styva, men derimot stubbelauva. Trea

vart då kappa ved grunnen med intervall på fem til ti år, slik at trea vart fleirstamma.

Styvingstrea vert gjerne eldre enn andre tre og har difor stor verdi for det biologiske mangfaldet av mose, lav, insekt og fugl. Dersom ein skal vedlikehalde haustingsskogen må trekronene skjerast attende og haldast små. Tresjiktet må tynnast ut regelmessig og ein må sikre rekrutteringa av nye styvingstre. På Vestlandet kan det vere naudsynt med tiltak som hindrar hjortegnag på dei unge trea. Mange stader må ein også fjerne framande artar og artar som ikkje er ynskja, til dømes platanlønn.



I bratte ller og steinurer vart lauvtree også styva og hausta til før. Restaurert styvingstre av alm. Foto: © B. Bele/NIBIO.

1.7 Slåtte- og beitemyr

På Vestlandet gjev det fuktige oseaniske klimaet langs kysten grunnlag for utvikling av store myrereal. Dei terrengdekkjande myrene er difor eit særmerke for Vestlandet. Myrvegetasjonen har gjennom fleire hundre år vorte nytta både til slått og beite. I det tradisjonelle jordbruket, som var basert på ressursane frå utmarka, vart mykje av vinterfôret henta frå desse areala.

Slåttemyrene har vore hausta med lå med eitt eller fleire års mellomrom, avhengig av kor høg produksjonen var. Ei slåttemyr måtte ha ein brukbar produksjon av gras og urter.

Myrområda er dominerte av såkalla halvgras (mest av ulike storrartar) og gras. På kystmyrene kan røsslyng også vere ein dominerande art. Artssamansetjinga varierer elles med næringsinnhaldet og med den tidlegare bruken. I rike (kalkhaldige) myrer kan ein mellom anna finne hjartegras, harerug og orkidéar. I fattige myrer veks ofte

blåtopp, blåknapp og rome. I beita kystmyrer kan ein nokre stader også finne klokkesøte.

Mange av kystmyrene ligg i samband med lyngheiane og det er då oftast ikkje noko skarpt skilje mellom hei og myr. I kystmyrene finn ein gjerne spor etter torvuttak. Torv var viktig som brensel og store torvmengder vart teke ut. Beiting av myr førekjem framleis, men myrslåtten slutta for fleire tiår sidan og vert no gjennomført berre som skjøtselstiltak eller i museal regi. Når bruken stoggar opp, gror myrene att, sjølv om det går langsamt. I låglandet er det gjerne pors som veks innover i myrene, medan det i høgare strøk er dvergbjørk og vier.

Slått er den beste skjøtselen av dei gamle slåttemyrene. I starten vil det truleg vere naudsynt å slå kvart år, men sidan kan ein slå frå kvart tredje til kvart tiande år. Høyet bør fjernast (så sant ein ikkje berre ynskjer å hindre krattoppslag). Beitemyrer bør framleis bli beita.



Semi-naturleg myr (slåtte- og beitemyr) ved Dulsete, Mørkridsdalen. Foto: © B. Bele/NIBIO.

1.8 Strandeng

Strandengene har truleg vore nytta til beite heilt frå menneska starta med husdyrbruk i Noreg. Mange strandenger har også vore nytta til slått. På grunn av at strandengene regelmessig vert fløynd over av sjøvattn, er dei næringsrike og produksjonen vert halden på eit høgt nivå utan tilførsel av gjødsel.

Påverkinga av saltvatn gjer at vi gjerne finn klare soneringar i vegetasjonen, frå sjøen og innover mot land. I dei mest saltpåverka områda veks det kun planter som er spesielt tilpassa dette miljøet.

Dei låge strandengareala er vanlegvis dominert av eit tett og kortvakse teppe av gras og halvgras (m.a. storr og sev). Lenger inne, der det ikkje fløymer over regelmessig vert gras-teppet ofte dominert av raudsvingel.

Her veks også urter som fuglevikke, tiriltunge, følblom og hanekam. Beita strandeng kan lett bli tua.

I dag vert strandengene trua av attgroing fordi drifta stoggar opp, men nedbygging, drenering, oppdyrking, forsøpling og forureining er også sterke truslar. Der strandengene framleis vert beita, er beitetrykket ofte svakare enn før. Etter kvart fører dette også til attgroing.

Strandengene er spesielt viktige leveområde for fugl, og bør takast vare på og skjøttast. Tradisjonell beitedrift vil gjerne vere den beste skjøtselen.



Strandeng ved Grotle i Bremanger. Foto: © P. Thorvaldsen/NIBIO.

1.9 Dyneeng

På sandstrender kan sanddyner verte danna når vindtransportert sand vert avsett frå stranda og innover mot land. Dei fremste stadia i denne sanddynesone-ingen er ustabile og sandflukt var eit stort problem mange stader før marehalm (sandrøyr) blei innført til Noreg i 1863. Dei ustabile sanddynene er artsfattige, men dei etablerte sanddynene lenger inn på land har stabile vegetasjonstypar og kan vere artsrike. Dette er vegetasjonstypar som har vore nytta så lenge det har vore jordbruk her i landet. Dei har vore nytta til slått eller beite, men har også vorte dyrka opp.

Sanddynene kan vere kalkfattige eller kalkrike, avhengig av om det er skjelsand iblanda sanden eller

ikkje. Vanlege grasartar er engkvein og raudsvingel, i kalkrike områder gjerne dunhavre og kanskje hjartegras. Lyngartar som røsslyng kan også vekse i sanddynevegetasjonen. Av urter kan ein mellom anna finne følblom, fuglevikke, kystgrisøyre, i kalkrike områder også gjeldkarve, storblåfjør, bakkestjerne og orkidéar som brudespore.

Det er stort sett slutt på den tradisjonelle bruken av sanddynene. For å ta vare på dei artsrike områda som er att, er det best å følge opp den tradisjonelle drifta, fordi beiting og slått gjev ulik artssamansetjing. Beitepresset må ikkje vere for hardt då det kan føre til erosjon og sandflukt.



Dyneeng i Hoddevik ved Stadt. Foto: © P. Thorvaldsen/NIBIO.

1.10 Vegkantar

Vegkantar finst overalt i landskapet, og for å sikre trygg ferdsel, vert vegkantane slått jamleg. Under rette tilhøve kan dei vere artsrike og fargerike, og innehalde mange artar frå det tradisjonelle kulturlandskapet. Her kan ein finne både vanlege artar som blåklokke, prestekrage og tiriltunge, og meir eksklusive artar som orkidéane brude-spore og grov nattfiol. Den største og mest spesielle artsrikdomen finst i tørre vegkantar, i vegkantar nær gamle, artsrike kulturmarker og i vegkantar på kalkrik berggrunn.

Det store mangfaldet i vegkantane skuldast stor variasjon i levetilhøva. Som elles på Vestlandet gjev det store klimatiske spennet mellom vintermilde kystområde og tørre, fjellrike område opphav til eit breitt spekter av artar. Vi finn til dømes englodnegras og kystgrisøyre i vegkantar i kystregionen, medan dunhavre og raudknapp er vanlege i indre strøk. Vegkantane inneheld artar frå dei vekslande omgjevnadane, til dømes er røsslyng og heiblåfjør vanlege vegkantartar i kystlyngheiområda. Endeleg er det stor variasjon i veksetilhøva innanfor den enkelte vegkanten, med mest tørke og slitasje nærast vegbanen, der ljoseskande og lågvaksne artar som følblom og tiriltunge trivst.

Frå gammalt av vart vegkantane beita av husdyr, og slått saman med annan skrapplått. I dag gror mange vegkantar att på grunn av klimaendringar, lokal tilførsel av

næringsstoff og svak skjøtsel. Det store klimatiske spennet mellom aust og vest og lågland og fjell på Vestlandet gjer det vanskeleg å gje generelle skjøtselstilrådingar. Men generelt (med unntak av spesielle og svært tørre vegkantar i indre strøk) bør vegkantane verte slått minst to gonger årleg, ein gong tidleg i sesongen (siste del av mai-første del av juni) og ein gong etter at bløminga er over, gjerne i august.



Mange vegkantar er artsrike, slik som i Fortunadalen. Foto: © B. Bele/NIBIO.

1.11 Tørrbakkar, knausar og kantar

Vegetasjonen på tørrbakkar og på knausar er ofte sterkt påverka av langvarig beite og tråkk frå husdyr. Ofte dannar knausar og tørrbakkar mosaikkar med kantvegetasjon av ulikt slag.

Knausane er prega av berg i dagen og jordsmonnet i tørrbakkane er gjerne tynt og grovt og held dårleg på fukt. Tørke om sommaren og frost om vinteren er tilhøve plantene her må tole i tillegg til beite. Vegetasjonen vert dominert av tørketolande eller kortliva artar, og mange av planteartene blømer om våren før tørken set inn. Artar ein kan finne i tørrbakkar eller på knausar er til dømes stemorsblom, småsyre, lækjeveronika, kattefot og i indre strøk også tjøreblom. Artsinnhaldet varierer mellom anna med berggrunnen og i område med kalkhaldig berggrunn finst fleire andre planteartar som gulmaure og sølvmaure. Typiske kantartar er til dømes revebjølle, blodstorkenebb og prikkperikum. Nokre stader

veks det også busker som nyperose, bjørnebær og kristtorn i kantane.

Vegetasjonen i kantane, på knausane og i tørrbakkane varierer mykje. Variasjonen kan vere stor frå sør til nord, frå kyst til innland og mellom kalkrike og kalkfattige område.

Attgrodde tørrbakkar og knausar får eit tettare og meir frodig plantedeckje, slik at låge planter etter kvart vert konkurrert ut. Lyng og busker frå omgjevnadane kan etter kvart også etablere seg. Kantsonevegetasjon er ofte trua av attgroing, sprøyting og tilsig av næring.

Mange tørrbakkar, knausar og kantsoner er verdifulle leveområde for planteartar som er i tilbakegang. Aktuelle tiltak for å ta vare på dei er rydding av busker og tre som skuggar ut den karakteristiske floraen og helst tradisjonell skjøtsel.



Tørrbakkane og knausane er ofte sterkt prega av beite. Foto: © B. Bele/NIBIO.

2. Planteskildringar

Brudespore

(*Gymnadenia conopsea*)

Kjenneteikn:

15–50 cm. Spisse/linjeforma blad utan flekkar. Smale og tette aks med mange små, ljós raude blomar som har ein lang spore. Blømer i juni–august. Er lett å forveksle med andre orkidéar som flekkmarihand, engmarihand, vårmarihand og skogmarihand.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på kalkhaldig og frisk til fuktig mark. Finst i slåtte- og beitemark, (beita) skog, strandeng og i vegkantar. Veks òg i (slåtte-) myr. Går sterkt attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga, og går raskt attende ved gjødsling. Gode levetilhøve oppnår ein best ved å slå seint og ved ikkje å gjødsle. Bør unngå beite på forsommaren, men etterbeite/seinsommarbeite er gunstig.

Dialektnamn frå regionen:

Jonsokkoll, jonsoksku (Eid). Sjå også dialektnamn for flekkmarihand, sidan folk sjeldan kunne skilje desse artane frå kvarandre.

Dialektnamn frå regionen:

Vanleg i regionen bortsett frå i midtre og ytre strøk omkring Sognefjorden.



Foto: © S.N. Grenne/NIBIO.



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Vårmarihand

(*Orchis mascula*)

Kjenneteikn:

20–40 cm. Grov stengel med 3–4 blad samla ved grunnen. Blada er breie og mørkegrøne. Blada har vanlegvis ikkje flekkar, men kan ein sjeldan gong ha det. Store, raudfiolette blomar i aks (sjeldan også kvite). Dei to øvste blomeblada sprikjer ut. Det nedste blomebladet (leppa) er flekka og tredelt med breie og avrunda sideflikar og ein mindre midtflik. Blømer i mai–juni. Luktar ofte vondt. Kan forvekslast med andre orkidéar som flekkmarihand, engmarihand og skogmarihand.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på kalkhaldig mark. I slåtte- og beitemark, heiar, i edellausskogar, rike furuskogar og av og til i myr. Går attende 10–15 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve oppnår ein best ved å slå seint og ikkje gjødsle. Bør unngå beite på forsommaren, men etterbeite/seinsommarbeite er gunstig.

Utbreiing på Vestlandet:

Spreidd til nokså vanleg i kyst- og fjordstrøka.



Foto: © L. Hauge

Flekkmarihand

(*Dactylorhiza maculata*)

Kjenneteikn:

10–40 cm. Stengel med 3–6 avlange blad, flekka på oversida (flekkaner flyt ofte saman), noko bleikare på undersida. Kvite til ljøs fiolette blomar med fiolette teikningar og kort midtleppe. Blømer i juni–juli. Kan forvekslast med andre orkidéar som brudespore, skogmarihand og vårmarihand.

Veksestad og skjøtselkrav:

Mest vanleg på kalkfattig og friskfuktig mark. Veks i slåttemark, beitemark, lynghei, strandeng og open myr. Går attende 10–15 år etter at drifta har stogga. Sein slått utan tilførsel av gjødsel er den mest optimale skjøtsele, men beiting kan også være gunstig.

Dialektnamn frå regionen:

Namna spelar på dei djupt flika rotknollane. I Hordaland og Sogn og Fjordane er namnet *stygge(je) mannen* praktisk talt einerådande: *styggeemannshand*, *styggeemannshånd* (Os, Ulvik, Aurland), *styggeemannsnevar* (Haus), *satansklo* (Kvam). Andre namn viser til dei gode maktene, slik som *Jomfru Maria* (Haus, Aurland), *Maria* (Alversund, Kinsarvik, Ulvik, Fjaler), *Jomfru Maria(s) hånd (hand)* (Vikedal, Hamre), *marihond* (Leikanger), *vårherres hånd*, *vår Herre si hand* (Fitjar, Fusa, Kvinnherad, Masfjord, Tysnes, Kyrkjebø, Lavik, Leikanger), *vårherrehand* (Innvik), *vårherrahond* (Vik). *Herrens hånd* (Høle, Bruvik, Tysnes, Balestrand), *Gud si hand*, *gudshånd* (Austevoll, Strandebarm), *Gud* (Austevoll, Jølster, Leikanger), *Jesuhånd* (Klepp, Fjelberg, Suldal).



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Andre tradisjonar:

Adam og Eva (SF). «Den gamle knollen som flaut på vatnet, var Adam, medan den nye som sokk, var den syndefulle Eva» (Bremanger). «Adam sokk, men Eva flaut» (Kinn).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til snaufjellet.

Raud jonsokblom

(*Silene dioica*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Stengel noko raudfarga øvst. Avlange, heile og håra blad som står parvis motsett oppover stengelen. Raudfiolette blomar. Blømer i mai–august. Kan forvekslast med hanekam og engtjæreblom.

Veksestad og skjøtselskrav:

Ei svært vanleg plante i gamal slåtte- og beitemark, og som trivst på frisk til tørr mark. Veks også i fulldyrka eng og aukar gjerne i mengde ved auka tilgang på næring. Gamal kulturmark bør likevel ikkje gjødslast då dette er negativt for plantemangfaldet elles.

Dialektnamn frå regionen:

Jonsokkegras (Voss, Sogndal), *hanebloom* (Nærbø), *raudssoleie* (Hamre, Askvoll, Førde, Jølster), *raudblomst* (Bremanger). *Dokkesoleie* (Aurland), *silkeblom*, *silkjeblom* (Klepp, Stjernarøy, Time), *silkjeskru(d)a* (Jondal), *lusablom*, *luseblomst* (Hetland, Klepp, Madla, Nedstrand, Nærbø, Time, Stavanger).

Andre tradisjonar:

«For hagasotti gav dei kyrne *hagasottgras*» (Modalen, Nordhordaland). «Hagasotti er namn på ein sjukdom som vert overført via flått og som gjer at storfeet pissar raudt, også kalla raudsott». Til Jonsokkvelden var det vanleg å pynte med planter som heitte *Jonsokblom* eller som hadde liknande namn.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, til snau fjellet.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Hanekam

(*Lychnis flos-cuculi*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Grann stengel som er noko raudleg. Smale, parvis motsette blad. Ljos raude, sterkt flika blomar. Blømer i juni–juli. Kan forvekslast med raud jonsokblom.

Veksestad og skjøtselskrav:

Ein indikatorart for fuktig beite- og slåttemark. Veks også i sumpmark og i grøfter. Det er uvisst kor gamal hanekam er i norsk flora. Arten toler noko gjødselpåverknad. Går ut når slått/beite stoggar opp, men kjem raskt inn att dersom drifta vert teke opp att. Går også attende på grunn av drenering og oppdyrking. Gode levetilhøve tek ein best vare på ved sein slått og ved ikkje å gjødsle. Beiting er også gunstig.

Dialektnamn frå regionen:

Hanakamb (store delar av Vestlandet), *silk(j)evippa* (Vikedal), *silkjebrur* (Masfjord), *Jonsokspire* (Askvoll, Fjaler, Kinn, Solund), *Jonsokgras* (Meland), *Jonsokblom* (Eid), *Jonsokkam* (Fitjar), *Jonsoklilje* (Eikefjord, Solund).

Andre tradisjonar:

«Gamlekarane sa at når *hanekammen* blomstra, var graset vakse» (Bremanger).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyststrøka.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Engnellik

(*Dianthus deltooides*)

Utbreiing på Vestlandet:

Sjeldan på Vestlandet. Er kjent frå Aurland, Jølster, Lærdal og Luster.

Kjenneteikn:

10–25 cm. Rue og bogeforma stenglar med linjeforma, motsett stilte blad. Blomane sit einskilde eller nokre få saman i kvastar. Blomane er raude (sjeldan kvite) med mørke flekkar og kvite prikkar. Kronblada har frynsar i kanten. Blomane lukkar seg om natta og i overskya vær. Blømer i juni–august.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks tørt og ofte på kalkhaldig mark i solhellingar. Finst i beite- og slåttemark og i vegkantar, men kan også gå inn i gjødsla eng. Går attende allereie 5–10 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert halde oppe av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.



Foto: © L. Hauge.

Blodstorkenebb

(*Geranium sanguineum*)

Kjenneteikn:

15–40 cm. Stivhåra og ofte raudfarga stengel. Runde, djupt flika blad. Store (3–4 cm) blomar som er sterkt raudlilla. Blømer i juni–juli. Kan forvekslast med skogstorkenebb (sjå eiga skildring).

Veksestad og skjøtselkrav:

Veks tørt og på kalkhaldig mark. I (skog-) kantar og på knausar, i beite- og slåttemark. Aukar den fyrste tida etter at drifta har stogga opp, men går sterkt attende etter 15–20 år. Gode levetilhøve vert halde oppe av beite og sein slått, samt ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Hattablom, «fordi blomen liknar ein hatt» (Kopervik).

Utbreiing på Vestlandet:

I kyst- og fjordstrøka i Rogaland til Austevoll og Fusa i Hordaland.



Alle foto: © E. Svalheim/NIBIO.

Engtjæreblom

(*Viscaria vulgaris*)

Kjenneteikn:

20–40 cm. Veks i tette tuver og har smale, spisse og motsett stilte blad. Stengelen er mørk raudbrun og klissen øvst. Raudfiolette blomar. Blømer i juni–juli. Kan forvekslast med hanekam, raud jonsokblom og skogstorkenebb, men ingen av desse har klissen stengel.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks tørt på både kalkfattig og kalkrik mark. Finst på knausar, i tørrbakkar, vegkantar, slåtte- og beitemark. Gode levetilhøve vert halde oppe av beiting, sein slått og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Kjøresoleia (Aurland, Balestrand).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i midtre- og indre fjordstrøk, men er elles ikkje så vanleg på Vestlandet.



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Raudkløver

(*Trifolium repens*)

Kjenneteikn:

15–50 cm. Veks gjerne i små tuver. Stenglar med blad og raudfiolette blomar i karakteristiske, runde hovud. Blada er eggrunde, trekopla og har ofte ein kvit flekk på oversida. Blømer i mai–september.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på frisk og noko næringsrik jord. I fulldyrka eng, slåtte- og beitemark, vegkantar og skogkantar. Vart innført som förplante på 1800-talet, men finst truleg også naturleg somme stader. Gode leve-tilhøve vert halde oppe av sein slått. Den aukar ved litt gjødsling, men ein bør ikkje tilføre gjødsel i arts-rike kulturmarker, sidan det verkar negativt for plantemangfaldet elles.

Dialektnamn frå regionen:

Raukoll, ofte med *-a* eller *-e* som ending (Breim, Gloppen, Lærdal, Nord Vågsøy). *Rau(d)knapp* (Aurland, Førde, Gaular, Jølster). *Rau(d)sku*, *raudskuv*, *raudskue* der skuv tyder dusk eller kvast (Eid, Gloppen, Innvik, Stryn). *Raudekrune* (Gloppen). *Rautopp(ar)* (Eid, Eikefjord). *Blaoknapp* (Balestrand, Leikanger, Sogndal). *Blaohatt*, *blåhatt* (Leikanger, Sunnfjord). *Sokkebandsskuv* (Fusa), *sokkebandskerua* (Herdla), *sokkebandspryd* (Solund). *Sokkebandsblom* (Suldal, Bremnes, Fitjar, Sunnfjord). *Søt(e) knapp* (Balestrand, Lavik, Sogndal, Vik), *søtekrusa* (Hafslo), *søtetopp* (Leikanger). *Rjomakodla* (Alversund, Haus, Lindås, Masfjord, Tysnes, Ulvik, Åsane), *rømme-kolle* (Bergen). *Jonsokblom* (Suldal, Bremnes), *humleblom* (Bjerkreim, Fitjar).



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Andre tradisjonar:

Vart bruka som teikn på når ein kunne slå enga: «Naor klyverblomen e so ei tobbauskrao e da passele å ta' an» (Balestrand).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til skoggrensa.

Kystmyrklegg, vanleg

(*Pedicularis sylvatica* ssp. *sylvatica*)

Kjenneteikn:

5–20 cm. Forgreina stenglar og sterkt flika blad. Løyser lett frå underlaget og har ei kvit, lite greina rot. Nokre få rosa blomar (sjeldan kvite). Eit godt kjenneteikn er at «overleppa» på blomen står om lag vinkelrett på «underleppa». Glatt og oppsvulma beger. Blømer i mai–juni. Kan forvekslast med myrklegg (men hjå denne står «overleppa» og «underleppa» parallelt).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på fuktig, fattig mark, i lyngheiar, fuktig eng og i myrkantar. Går attende allereie 3–5 år etter at drifta er avslutta. Gode levetilhøve vert halde oppe ved beiting, sein slått og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Ganske vanleg i kyst- og fjordstrøka.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Bakkesøte

(*Gentianella campestris*)

Kjenneteikn:

5–30 cm. Har smale, eggforma blad. Raudfiolette (av og til kvite) blomar med fire kronflikar. Blømer i juni–september. Kan forvekslast med bittersøte (som har fem kronblad).

Raudlistestatus (2015):

Nær trua (NT).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i ugjødsla, tørr (kultur-) mark på kalkhaldig grunn. Finst i beite- og slåttemark, tørrbakkar, på berg og sandstrender. Går sterkt attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert halde oppe av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Blodgras (Aurland, ein informant).

Andre tradisjonar:

Fleire stader i landet har den vore bruka mot gikt, men det er ingen opplysningar om dette frå Vestlandet.

Utbreiing på Vestlandet:

Spreidd ved kysten og i indre strøk.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Røsslyng

(*Calluna vulgaris*)

Kjenneteikn:

10–50 cm. Vintergrøn dvergbusk med tettstijande små blad. Rosa eller lilla blomar (sjeldan også kvite). Blømer i august–september.

Veksestad og skjøtselkrav:

Veks på mager mark, både tørt og fuktig, men tolerer ikkje gjødsling eller mykje tråkk. Karakterart for dei opne kystlyngheiane, men kan òg bli dominerande i tørr, ljøsopen furuskog på skrinne grunn og i hei, både i låglandet og opp mot skog-grensa.

Røsslyng har vintergrøne blad med mest uendra næringsinnhald gjennom heile året. Dette gjev grunnlag for heilårsbeite i område med mildt vinterklima på kysten. Gamal røsslyng vert grovvaksen og mistar verdien som beiteplante, og planten vert samstundes mykje meir utsett

for frost- og tørkeskadar, insektsangrep m.m. Røsslyng må brennast jamnleg (kvart 10. – 20. år) for å nyttast som beiteplante. Tidlegare vart røsslyngen òg hausta (mest lyngslått) som attåtfør til buskap som sto inne.

Dialektnamn frå regionen:

Lyng og løng er ofte bruka om røsslyng, men kan også omfatte fleire lyngartar. *Røsslyng* (SF), *rysslyng*, *ryslyng* (Nærbø, Jondal, Balestrand), *røsslyng* (fleire stader i Ho og SF). Namna *bust(e)lyng*, *bustalyng* og *hest(e)lyng*, *hestalyng* vart og nytta på Vestlandet. *Grålyng*, *graolyng* (Evanger, Hamre). *Furebærlyng* (Jølster), *svartelyng* (Førde, Gaular, Jølster, Naustdal).



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Bulyng (Skjold, Suldal, Vikebygd, Kinsarvik, Fjaler, Førde, Gaular, Gløppen, Leikanger), *kulyng* (Kvinnherad), *suaulyng* (Ullensvang), *fenalyng* (Tysnes), *beistalyng* (Bremnes, Fitjar), *beiteslyng* (Granvin, Kinsarvik, Odda, Ullensvang, Ulvik). *Ådelyng* (Forsand, Hetland, Høyland, Nærbø, Sola), *skóralyng* (Haugesund, Bremnes, Fitjar). *Slålyng* (Meland). Eldre lyng bruka til brensel hadde namn som *stokkelyng*, *stokkalyng* (Forsand, Fjaler, Gaular, Kyrkjebø), *rive-lyng* (Alversund, Kinn), *storlyng* (Høyland, Tysnes).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp i snau-fjellet.

Andre tradisjonar:

«Dei riv den store *rivelyngen* med hendene og brukar honom til brennefang» (Kinn). «Man slo lyng til å strø under sauene om vinteren. Det kaltes *underbur*» (Høyland). «*Beiteslyng*, tilsett litt oleum til grønffarge» (Ullensvang). Røsslyng vart mykje bruka til fôr. «Dei brukte mykje lyng fôr. Slo den med ljåen 3dje kvart år, kalla den *ådelyng*» (Forsand). «*Ådelyng* er finvoksen lyng som i førknappede tider slåes til kreaturfôr. Den er god til fôr og kjørne spiser den gjerne» (Høyland). «Ble tatt til fôr om vinteren helst fôr frosten, slegjen med orv og ljå, til kyrne og hesten.

Regnet som betre enn halm og dårligt hø» (Nærbo). «So lenge folk kan minnst har *bulyng* vore brukt til kreaturfôr, til kyr og sauer» (Skjold). «*Ådelyng* til kua og hesten, hakka. Dei likte den godt» (Sola). «Ute på øyane, der ein svidde lynget, vaks det att fint *svelyng*, som ein kunde slå med ljå. Fint, mjukt *teglelyng* so veks på

solsida, var mykje betre enn eldre, hardt lyng» (Masfjord). «*Bulyng* vert skoren narsomhelst dei hadde bruk for den. Var den tekjen um hausten, vart den turr og stiv og uetande» (Kinsarvik). «Smått ungt lyng vert kalla *slålyng*, avdi ein kan slå det» (Meland). «Sume stader skjer dei den i blømingstida og set den i stål som hø. Andre stader skjer dei han vinter og vår» (Tysnes).



Foto: © B. Bele/NIBIO.



Foto: © P. Thorvaldsen/NIBIO.

Klokkelyng

(*Erica tetralix*)

Kjenneteikn:

15–40 cm. Heile planta er håra. Har fire blad i kvar krans. Blomen er rosa og oppblåsen. Blømer i juli–august. Er fylkesblome i Rogaland. Kan forvekslast med purpurlyng (men den har tre blad i kvar krans).

Veksestad:

Fuktige lyngheiar og myrområde, mest vanleg på kalkfattig grunn.

Dialektnamn frå regionen:

Klokkelyng vart ofte bruka som namn der den var utbreidd. *Solvalyng* (Ullensvang). *Skrubbelyng* (Åsane), *skrabbalyng* (Skjold, Åkra, Haugesund, Fitjar, Os, Strandebarm, Tysnes), *skrubberis* (Masfjord), *skrubbaris* (Sund). *Skrapalyng* (Fitjar, Herdla). *Knispelyng*, *knispalyng* (Askvoll, Bremanger, Eikefjord, Kinn, Vevring).

Andre tradisjonar:

Har vorte mykje bruka som gryte-skrubb. Lyngen vart då lagt saman

i ein bunt og surra på midten eller to stader før den vart kutta rett av i begge endane. «Ei skrabba er ein bunt granne lyngkvistar um lag 15 cm lang og 4 cm i diameter» (Fitjar). «Denne lyngen høver betre (enn vanlig røsslyng) av di han er tunnare og rettare» (Fitjar).

«*Skrubbalyng* vert og no i dag brukt til skrubb til å gjera fat og andre kjerald reine med. Lyngen høver godt til dette, då kvistane er bøyelege» (Sund). «Var brukt til gryte-skrubbar og til soplim, og er derfor visstnok kalt *solvalyng*» (Ullensvang). «*Røsslyng* hev det vore laga skrobbor av» (Forsand). «En kunne bli tatt med til brensel, og den kunne bli tatt til ondebør i bingen til griser og andre husdyr» (Vikedal).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyst- og dalstrøka i heile regionen.



Foto: © E. Michaelsen.

Purpurlyng

(*Erica cinerea*)

Kjenneteikn:

10–30 cm. Dvergbusk med opprette stenglar og blågrøne blad som sit i kransar. Kvar krans har tre blad. Heile planten er snau. Blomane går litt ned etter stengelen og er mørkt purpurfarga eller gråfiolette. Blømer i juli–september. Kan forvekslast med klokkelyng (som har fire blad i kvar krans, og eit blomehovud som er strengt avgrensa til toppen av stengelen).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på sørvendte tørrbakkar og berg i lyngheia lengst ute på kysten. Går attende og forsvinn når lyngheiane gror att.

Dialektnamn frå regionen:

Kusebrask (Fitjar).



Andre tradisjonar:

Vart sjeldnare bruka til gryte-skrubbar enn det klokkelyng (*Erica tetralix*) vart. «De lager aldri skrabb av *E.cinerea*, da den er for myk. Navnet *kusebrask* er derfor visstnok nedsettende» (Fitjar).

Utbreiing på Vestlandet:

Nokså vanleg i dei ytre kyststrøka, frå Sandnes i Rogaland og nordover til Haram i Møre og Romsdal.



Foto: © E. Michaelsen.

Kvitbladtistel

(*Cirsium heterophyllum*)

Kjenneteikn:

50–150 cm. Stengel utan tornar, den øvste delen er kvithåra. Mjuke, store blad som er kvitt filthåra på undersida. Blada er småtanna eller meir eller mindre fjørdelte. Vanlegvis ei eller nokre få raudfiolette koger. Blømer i juni–august. Kan forvekslast med andre tistlar (men alle dei andre har tornar).

Veksestad og skjøtselkrav:

Veks på næringsrik og fuktig mark. Vanleg i slåtte- og beitemark og i vegkantar, men også i gjødsla eng og i myrkantar, vierkratt og fuktig skog. Etter at drifta har stogga opp, aukar den ofte i mengde før den går attende når attgroinga aukar på etter 25–35 år. Gode levetilhøve kan ein halde oppe ved sein slått, men også ved beiting.

Dialektnamn frå regionen:

Hestetetel (Aurland), *skjeggkost* (Vik), *kvit(e)blad* (Masfjord), *kviteblikkje* (Gloppen), *kvitsidblad* (Kyrkjebø), *kvitsiemann* (Hafslo), *kvitmøla*, *kvitmoleblekkje*, *kvitmolehausar* (Røldal), *kvitmanneblokker* (Odda), *rams* (Bruvik), *hestarams* (Hamre), *kurams* (Modalen). *Blokkegras* (Aurland), *hestablokke* (Granvin, Kinsarvik, Ulvik, Voss), *hestablاد* (Leikanger), *blad'gras*



(Jølster). *Hestagroblad* (Leikanger), *hestøyreblad* (Vik), *hestaknapp* (Vossestrand, Aurland). *Lækjeblekkje* (Suldal, Hamre), *læljelsblokke* (Aurland), *lækjesblåd* (Balestrand), *bukkeblad* (Fjaler, Gaular). *Grøblad* (Balestrand, Hafslo), *bjønnskør* (Fitjar). *Kajoneblad* (Balestrand). *Tøsebikkjeblad* (av sladre), *tesebikkjeblad*, *tøsebikkje(blad)*, *tåseblad* (Breim, Eid, Innvik, Stryn).

Utbreiing på Vestlandet:

Nokså vanleg i heile regionen. Opp til 1680 moh. i Luster.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Andre tradisjonar:

«Lækkjesblokke, hestetestel, vart brukt til å stemma blod. Ved å strjuka nervene på bladet, den safti som då kom, vart bruka som sårmedisin» (Aurland). «Dei let safta av eit hestøyreblad drype i eit sår (Vik). «Bladene har også vært regnet som gode på brannså» (Stryn). «Saften skal til og med ha vært brukt til øyemedisin» (Fjaler). «.. og presset saften ut og smurte hestene under halen når de var blitt såre av seletøyet» (Kyrkjebø). «De tørkete bladene var regnet som et pålitelig middel mot hagesyke hos dyr» (Førde). «Enkelte gamle trudde at den var uvanleg kraftig til för åt krøtter, serleg til bukkar. Dei samla den difor til det serskildt. Den var for verdfull til å ta i lag med høyet» (Gaular). «I krigstider med tobakksmangel er bladene blitt tørket og røkt» (Modalen). «Når planten var utvokst, skulle det være på høy tid med slått» (Førde).



Alle foto: © B. Bele/NIBIO.

Kattefot

(*Antennaria dioica*)

Kjenneteikn:

5–20 cm. Veks i matter. Stengel med bladrosett av små, spatelforma blad. To til åtte kvite eller rosafarga blomekoger tett saman i toppen. Han- og hobloamar kvar for seg, det vil seie på ulike planter. Blømer i mai–juli. Kan forvekslast med fjellkattefot (meir brunfarga blomar, ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på tørr og mager mark. I tørre bakkar og på berg, i beite- og slåtte-mark, i lyngheiar og vegskjeringar. Går attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga opp. Gode leve-tilhøve vert teke vare på av beiting og ved ikkje å gjødsle. Sein slått er også gunstig.

Dialektnamn frå regionen:

Kattafot er vanleg i Ro, Ho og SF. Pusekatt (Hamre), hundelabba (Fitjar), jonsokgras (Jølster, Kyrkjebø), gustegras (Kyrkjebø). Evighetsblomst (Haus, Voss), torsagras (Vossastrand), antueldgras (antueld tyder helvetesild, Aurland), brurefingar (Sunnfjord).

Andre tradisjonar:

Vart mykje bruka i folkemedisinen, og da spesielt mot utslett og hudsjukdomar. «Til barn som hadde utslett i ansiktet, gust, de sanket planten jonsokaften, tørket og brente den, og holdt barna i røken» (Kyrkjebø). «Dei turka planta, brende ho, tok oska og blanda med fløyte og smurde på utslettet» (Aurland).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg til spreidd i heile regionen.



Alle foto: © B. Bele/NIBIO.

Raudknapp

(*Knautia arvensis*)

Kjenneteikn:

30–80 cm. Grågrøne, lødne blad som er flika og delte. Raudfiolette blomehovud i juni–august. Kan forvekslast med blåknapp, men denne har tjukke, uflika og blanke blad ved bakken. Dessutan har den eit rundare blomehovud og blå blomar.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks fyrst og fremst på tørr, ugjødsla mark, i slåtte- og beitemark, tørrbakkar og vegkantar. Etter at drifta har stogga, aukar den ofte i mengde fyrst, før den går sterkt attende etter 25–35 år. Gode levetilhøve vert teke vare på ved sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Kjerringhatt (Sunnfjord), *herreeinn*, *herreblom* (Jondal, Hafslo), *mari-kolle* (Askvoll, Kinn), *lusaknapp* (Aurland).



Utbreiing på Vestlandet:

Vanlegast i indre strøk.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Revebjølle

(*Digitalis purpurea*)

Kjenneteikn:

60–150 cm. Breitt lansettforma blad som er tanna. Rosettblad som er noko mindre og smalare enn stengelblada. Heile planta er håra. Store (4–5 cm), purpurraude, klokkeforma blomar. Blømer i juni–juli. Heile planta er svært giftig!

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på litt forstyrra mark som i vegkantar og i rasmark, men finst òg i beitemark og skogkantar. Revebjølle er ein sørleg-vestleg art som ikkje toler låg vintertemperatur. Gode levetilhøve kan takast vare på ved beiting (dyretrakk) og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Revebjelle i ulike variantar er vanleg, til dømes *røvabjelle*, *røvebjelle* (i delar av Ho, SF). *Bjølle*, *bjødla* (Ro og Ho). *Reve-hanske*, *røvahanske* er vanleg frå Sogn og Fjordane. *Bjønnehanske* (Sunnfjord), *bjønna-rose* (Innvik), *bjørneblomst* (Sauda). *Fingerbjør* (Haugesund).

Andre tradisjonar:

«Det har vært forholdsvis vanlig å bruke den på urene sår og svuller» (Austevoll, Masfjord, Eikefjord, Vik, Sunnfjord). «Helst tok en da friske blad (en gammel kone i Austevoll hakket hull i bladet før hun la det på såret), eller en kokte graut eller låg av friske eller tørkete blad». Det var også knytt overtru til revebjølla. «De måtte ikkje plukke bladene av revebjelle, for da kom reven og tok lammene» (Hosanger). «Røvebjølle var det strengt forbode å plukka, for då tok ræven lamma deira som



Foto: © B. Bele/NIBIO.

plukka» (Masfjord). «Dei som riv av ei bjølle av planten, misser eit lam om sommaren» (Bremanger). Sjølv om folk kjente til at den var giftig, hindra ikkje det born å leike med den. «Her i Ullensvang var fyrr brukt å klæda brur av blomar». «Ungane kunne stundom laga brudlaup. Dei braut plantar og blomar og stakk dei ned i sanden; dette var då brudefylgje. Til brur og brudgom bruka dei revebjølla i blom. Men dei laut lova mor si å vaska seg godt på nevane etterpå» (Ulvik).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanlegast i ytre og midtre fjordstrøk.

Geitrams

(*Epilobium angustifolium*)

Kjenneteikn:

50–200 cm. Veks ofte i tette bestand. Ugreina stengel med tett-sitjande, smale blad. Blada er ofte mørkegrøne på oversida og noko ljosare på undersida. Store, rosa blomar som sit i ein lang klase. Sjeldan kan blomane også være kvite. Blømer i juli–august og produserer store mengder frø med kvit frøull som flyg i lufta på sein-sommaren.

Veksestad og skjøtselskrav:

Er vanleg i vegkantar, hogstflater og skrotemark, der den ofte veks i store mengder. Den er også ein vanleg og tidleg attgroingsart på slätte- og beitemark som ikkje lenger blir hausta.

Dialektnamn frå regionen:

Geitrams i ulike variantar er truleg gamalt i Ro og Ho. *Jeske* (Førde), *jeskje*, *jeskjeblom* (Kyrkjebø), *jeisko* (Bruvik, Ulvik, Balestrand, Eid), *jeiske* (Masfjord, Modalen), *jeitasko* (Ullensvang), *jeitsko* (Eikefjord). *Jeitskor* (Klepp, Suldal, Etne, Haus, Kinsarvik, Røldal, Strandebarm, Ullensvang, Aurland, Balestrand, Eid, Eikefjord, Hafslo, Jølster, Leikanger), *jeiteskore* (Ullensvang), *jeiteskur*, *jeiteskår* (Aurland), *jeitaskura* (Leikanger). *Jeisskur* (Evanger, Voss, Vossestrand, Aurland, Balestrand, Hafslo, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik).

Andre tradisjonar:

Geitrams har frå gamalt av vorte sankta til för. «Ble skåret med ljå og brukt til krøterför» (Aurland). «Beista er voldsomt glad i den» (Balestrand). «Om sumaren reiv dei



Foto: © B. Bele/NIBIO.

geisskoge til grisen» (Bremanger). «Margen på *jeisskur* har vært spist på same måte som turtna. Men man måtte spise planter som vokste i feit jord (åkerreiner), for de hadde stor merg. I mager jord ble margen smal og dårlig» (Aurland).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.

Nyperose/rose

(*Rosa spp.*)

Kjenneteikn:

Busker med tornar. Finna blad med 1–5 par småblad som er tanna. Blomane er rosa, men kan også vere kvite. Blømer i juni–juli. Nypene er raude eller brunraude. Det finst ulike artar av nyperoser som m.a. kan skiljast ved forma på tornane.

Veksestad og skjøtselskrav:

Rosebusker er svært vanlege i beitemark sidan beitedyra vrakar dei. Dei veks elles i tørrbakkar, beita skog, skogkantar og på berg. Det er ikkje ynskjeleg med store mengder rosebusker i kulturmark, sidan beiteverdien då vert dårlegare.

Dialektnamn frå regionen:

Klunger, *klonger*, *klungerbusk* (Ho, SF). *Krängel*, *kronglekjørr* (Aurland), *kronglekjårr* (Lærdal). *Kjubetre* (Klepp, Lund, Madla, Nærbø, Time), *jupetre* (Askøy, Austevoll, Fitjar, Masfjord), *njupekjørr* (Aurland).

Andre tradisjonar:

«Er kjend som det aller beste til rivetinner, når det er firkløyvd etter margen» (Forsand, liknande frå Aurland, Balestrand). Vart også rekna som giftig for husdyr: «*Klung*r er giftig for kyr» (Jølster). «*Klunger* får husdyr laus mage av» (Stryn). «Når *klungeren* blømer, kjem berggylta under land» (Balestrand). «Når *klungeren* bløme, gjenge bjørkje best, dvs. da er beste tida for flekking av never og bark» (Kinsarvik). Det var også knytt overtru til bløminga: «Blømde ein klunger på eit uvanleg årsbel inni Skinndalsreina, kom einkvann til å døy på garden nærast ved» (Vik).



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

«Man brukte å si til barna at når de spiste steinene i njupa, ville de få lus i magen. Man sa også at da fikk de kløe i reva» (Aurland). «Njupa var mali og bruka til brød når det var lite korn» (Aurland). «I barkebrødtiden ble jupene samlet, tørket og malt både med skall og støv. Av melet laget de jupebrød, som var velsmakende, fortalde de gamle. Borkabrød hadde den egenskap at de fikk hardt liv, men hadde de jupebrød iblant, så ble avføringen bra» (Hafslo).

Utbreiing på Vestlandet:

Nokså vanleg i kyst- og fjordstrøka.

Skogstorkenebb

(*Geranium sylvaticum*)

Kjenneteikn:

20–80 cm. Opprett stengel med oppdelte, grovt tanna blad. Heile planten er håra. Fiolette–raudfiolette blomar (ofte kvite i fjellet). Blømer i juni–juli. Kan forvekslast med engstorkenebb (ikkje skildra), raud jonsokblom, hanekam og engtjæreblom.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks helst på litt næringsrik mark. Finst i beitemark, slåttemark, vegkantar og i (beita) skog. Trivst også godt i gjødsla eng. Aukar ofte sterkt i mengde dei fyrste 10–15 åra etter at drifta har stogga opp, før den går attende. Ein opprettheld gode levetilhøve på lang sikt ved å slå seint, beite vår og haust, og ikkje tilføre gjødsel.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.



Dialektnamn frå regionen:

Namnet *storkenebb* er utbreidd, men kjem opphavleg frå litteraturen. *Jonsokkrans* (Modalen), *jonsokgras* (Lærdal), *jonsoksoleie* (Eikefjord, Jølster). *Sjuskjera* (Ullensvang), *sjauskjera* (Odda, Ulvik), *sau-skjære* (Aurland), *sauskår*, *sauskjer* (Aurland). *Blåhatt*, *blaohatt* (Kinsarvik, Sunnfjord), *blåfiol* (Gaular), *blåsoleie*, *blaosoleie* (Hamre, Askvoll, Aurland, Balestrand). *Blåsoleie* vart også bruka om andre artar (som turt, blåknapp med fleire). *Blågull* (Modalen, Eksingdalen).

Utbreiing på Vestlandet:

Svært vanleg i heile regionen, til over skoggrensa.

Knollerteknapp

(*Lathyrus linifolius*)

Kjenneteikn:

10–30 cm. Har jordstenglar med runde, bønnestore knollar. Opprett stengel med to «vengjekantar». To til fire bladpar med smale småblad. Blåfiolette /raudfiolette blomar i mai–juni. Svartbrune skolmar. Kan forvekslast med vårerteknapp og svarterteknapp (utan vengjekantar, desse er ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselskrav:

Er lite kalkkrevjande. Veks i kulturmark, skogkantar og i open skog. Etter at drifta har stogga aukar den gjerne i mengde fyrst, før den går attende etter 10–15 år. Gode leve-tilhøve vert halde oppe ved beiting, sein slått og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Knappurt, *knapport* (Bjerkreim, Forsand, Helleland, Hetland, Høyland, Klepp, Madla, Nærbø, Time), *knapprot* (Madla).

Andre tradisjonar:

Rotknollane har ein søt og lakrisliknande smak som folk ofte kjente til, men det er ikkje noko som tyder på at den vart nytta som matplante. Born grov den gjerne opp og åt den om våren. «For 40-50 år siden voks denne planta i Knapporrbakken, ein turr sandbakke ved sjøen mellom dei ville Næverdalsfjella, under Høvlatonna (Preikestolen)» (Forsand). «Som born åt me nokre torknollar som me kalla *knappert*. Den var søt når me drakk surmelk attåt» (Forsand). «*Knappurtnollen* slo ein vatn på, han låg gjerne i vatnet eit stund. Vatnet brukte ein å drikke» (Nærbø). «Barn spiste



Foto: © E. Michaelsen.

knollene, og de hadde dem i vann på flasker og laget vin» (Time). Born åt også unge skolmar og erter av denne planta.

Utbreiing på Vestlandet:

Ganske vanleg i kyst- og fjordstrøka i heile regionen.

Blåkoll

(*Prunella vulgaris*)

Kjenneteikn:

5–25 cm. Opprett stengel med avlange blad som står to og to mot kvarandre. Blå/fiolette blomar (sjeldan også kvite) i juli–august. Kan forvekslast med jonsokkoll.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i eng, beitemark, åkerkantar og vegkantar. Veks òg i noko gjødsla eng og i plenar. Blåkoll aukar ofte noko i mengde like etter at drifta har stogga, men går sterkt attende etter 25–35 år. Gode levetilhøve vert halde oppe av beiting og ved å tilføre lite eller ikkje gjødsla i det heile tatt. Slått er også gunstig.

Dialektnamn frå regionen:

Blåskue (Gloppen), *blåhatt* (Ulvik). *Humleblom* fordi «han ser ut som ei humle» (Luster).



Andre tradisjonar:

Sjølv om planta er svært vanleg, har den ikkje hatt noko stor rolle i folkebotanikken. Det er ingen konkrete opplysningar frå regionen.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, går over skoggrensa.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Jonsokkoll

(*Ajuga pyramidalis*)

Kjenneteikn:

5–25 cm. Stengel med tettstilte blad, heile planta er forma som ein pyramide, og er oftast håra. Små, blåfiolette og ein sjeldan gong også kvite blomar som veks innimellom blada. Blømer i mai–juni. Kan forvekslast med blåkoll.

Veksestad og skjøtselskrav:

I ulike typar kulturmark, i beitemark, slåttemark, vegkantar, beita skog, skogkantar og berg. Kan òg vekse på noko gjødsle mark. Går attende 10–15 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve vert halde oppe av beiting og ved ikkje å gjødsle. Sein slått er også gunstig.

Dialektnamn frå regionen:

Namnet *jonsokkoll* er kjent mange stader, men det er uvisst kor gammalt det er. *Jonsokkekodl* (Balestrand, Leikanger), *jonsokkekollje* (Gaular, Gløppen). *Jonsokgras* (Tysnes, Jølster). *Gjetergutt*, *gjæthleguta* (Førde). «Den står som ein einsleg gjætar-svein so rank på tuva vårdagen ved dei tider gjætingi tek til, men ein finn den og i små flokkar, upp til tre og fire i lag» (Førde). *Jætlegut* (Alversund, Fjaler), *jetleguta* (Førde), *soldat* (Sunnfjord). *Blåmann* (Alversund, Jølster), *blaobukk* (Aurland), *blåhatt* (Hamre, Haus, Modalen), *blåkoll* (Jølster, Eid). *Humleblom* (Nord Vågsøy).

Andre tradisjonar:

«I Førde brukte de den mot hagesyke hos dyr». Born har gjerne kjent til planta og bruka den i sine leiker: «Vi lekte gårdsbruk med *Vårherre-sine-høns* og hadde kongler til å



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

representere de andre dyrene, eller vi bare lekte oss med dem og kastet dem på hverandre med ropet: Ve du se *Vårherre-sine-høns*» (Bergen).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, går også opp i snaufjellet.

Bergmynte (Kung)

(*Origanum vulgare*)

Kjenneteikn:

30–90 cm. Stengelen er noko forveda, mørkfarga og forgreina. Blada er eggrunde. Raudfiolette blomar i tette duskar. Blømer i juli–august, og har ei sterk krydderlukt (oregano).

Veksestad og skjøtselskrav:

Er mest vanleg på noko kalkhaldig grunn i tørre, varme sørhellingar. I tørrbakkar, i kantar mot beite- og slåttemark, samt i naturleg opne leveområde som berg og rasmark. Gode levetilhøve vert teke vare på ved beiting og slått, samt ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Mynte, *mynta* (Strandebarm, Hornindal, Innvik, Stryn). *Kung* (Granvin, Ulvik, Aurland, Balestrand). *Bergkung* (Kinsarvik), *skorakung* (Granvin, Voss, Aurland, Balestrand, Leikanger, Vik, Sogndal), *kongagras*, *kongegras* (Aurland, Hafslo, Hornindal, Luster). *Kongelgras* (Lærdal).

Andre tradisjonar:

«Kung mykje bruka i supa og pylsa som krydd» (Granvin). «Blomsterkvastane ble hakket og tilsatt kjøtt-pølser og liknande. Som krydd» (Strandebarm). «Tørka blomar av *kung* nytta som krydd i ertesupen. *Kung* brukte dei gamle so mykje i kjøttsupa. Dei koka krafti or plantone og kasta dei» (Ulvik). «Både mor og far kunne fortelje om at folk før hadde sankt *skorakung* i Bjørgaberget og i Oplandsberget og brukt den som krydd i blodkurv» (Voss). «I min ungdom ble det plukket hele bunter av denne blomst,



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

til krydder i pølser» (Hafslo). «I klubbe. Sådden fikk så'n fin smak» (Innvik).

Utbreiing på Vestlandet:

Nokså vanleg i fjord- og dalstrøka frå Suldal og nordover.

Engknoppurt og svartknoppurt

(*Centaurea jacea* og *C. nigra*)

Kjenneteikn:

30–100 cm. Engknoppurt har opprette stenglar med smale blad øvst og flika og noko breiare blad nedst. Svartknoppurt har også opprette stenglar og eggrunde til avlange blad. Blada er heile eller litt flika. Engknoppurt har blomkorgar med purpurraude blomar, og blømer i juli–september. Svartknoppurt har mørkt fiolette blomar, blomkorgar med svartbrune frynsar, og blømer i juli–august. Sjeldan kan desse artane også ha kvite blomar. Kan forvekslast med fagerknoppurt (men den har sterkt fjordelte blad og er sjeldan i kyst- og fjordstrøka, ikke skildra).

Veksestad og skjøtselsskrav:

Veks tørt og gjerne der det er noko kalkhaldig og næringsrikt. Engknoppurt finst i slåtte- og beitemark, i veg- og skogkantar. Svartknoppurt er mest vanleg i beitemark, beita skog, tørrbakkar og kantar. Etter at drifta har stogga aukar dei gjerne i mengde fyrst, før dei går sterkt attende etter 25–35 år. Gode levetilhøve vert best halde oppe av sein slått eller beiting og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Engknoppurt er nokså vanleg, men manglar i dei ytre delane av Vestlandet. Svartknoppurt er nokså vanleg i kyststrøka og i dei midtre fjordsonene.



Engknoppurt. Foto: © E. Svalheim/NIBIO.



Svartknoppurt. Foto: © K. Vignander.

Fuglevikke og gjerdevikke

(*Vicia cracca* og *V. sepium*)

Kjenneteikn:

Fuglevikke blir 20–80 cm. Finna blad som ender i ein klengjetråd. Har mange parvis motsette, spisse småblad som manglar bladnerve. Blå og blåfiolette blomar på lange skaft. Gjerdevikke blir 30–60 cm og er noko håra. Den har også finna blad og klengjetråd, men småblada er breiare, og har bladnervar. Gjerdevikke har nokre få og meir raudfiolette blomar som sit på korte skaft. Begge artane klatrar gjerne i annan vegetasjon, og blømer i juni–august.

Veksestad og skjøtselkrav:

Begge artane veks i ulike typar kulturmark, i skogkantar, lyngheiar, beita skog og i strandeng. Veks også i gjødsla kultureng. Aukar gjerne like etter at drifta har stogga, men minkar etter 25–35 år. Gode levetilhøve på lang sikt kan sikrast ved sein slått, beiting og ved å tilføre lite eller ikkje noko gjødsel.

Dialektamn frå regionen:

I og med at dei viltveksande erteplantene er nokså like, omfattar folketradisjonen fleire av dei. *Erte(r)gras* (deler av Hordaland og Sogn og Fjordane). *Fuglaertre* (Ulvik, Aurland, Balestrand, Leikanger, Lærdal, Vik). *Musgras* eller *musris* (Hordaland, Hafslo, Jølster, Luster), *musertu* (Voss), *musapesa* (Odda). *Skolmegras*, *skalmegras* (Nord Vågsøy). *Musapesa* (Odda), *musapøs* (Eid, Gloppen, Innvik, Jølster, Stryn). *Pysjegras* (Stryn, Sør Vågsøy), *pøsjegras* (Bremanger), *pløsegas* (Alversund, Lindås), *pøsegas* (Haus, Hosanger). *Honnapølsa* (Hamre).



Fuglevikke. Foto: © B. Bele/NIBIO.



Gjerdevikke. Foto: © E. Svalheim/NIBIO.

Andre tradisjonar:

«Mogne muserter tegn til at slåttan kunne begynne» (Odda).

Utbreiing på Vestlandet:

Begge er vanlege i heile regionen, opp i snaufjellet.

Blåknapp

(*Succisa pratensis*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Tjukke, blanke og uflika blad som er tett samla ved bakken. Stengel ofte forgreina øvst. Halvkuleforma, blåfiolette blomeshovud. Blømer i august–september. Kan forvekslast med raudknapp (men denne har oppflika, lodne blad ved bakken).

Veksestad og skjøtselkrav:

Veks på fuktig mark. Finst i beite- og slåttemark, (beita) skog, lynghei og myr. Er lite kalkkrevjande i låglandet, men noko meir krevjande i fjellet. Går attende 10–15 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert halde oppe av beiting, sein slått og ved å tilføre lite eller ikkje noko gjødsel.

Dialektnamn frå regionen:

Namnet *blåknapp* vert oppgjeve som gammalt fleire stader på Vestlandet. *Blåeinn* (Hordaland), *knappablom* (Fitjar), *lusaknapp* (Aurland), *herre-einn*, *herremenne* (NordVågsøy).



Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyst- og fjordstrøka.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Blåklokke

(*Campanula rotundifolia*)

Kjenneteikn:

10–50 cm. Smale stengelblad og små hjarteforma/runde blad ved bakken. Heile planta har kvit mjølkesaft. Ein eller nokre få langskafta, klokkeforma blå blommar (sjeldan kvite). Blømer i juli–september.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i ugjødsla slåtte- og beitemark, tørrbakkar, berg, i open (beita) skog og hei. Går sterkt attende ved gjødsling og 10–15 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve vert halde oppe av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Blåklokke er vanleg i den nordlege delen av Vestlandet, dessutan også *blåbjølle*, *blaobjødla* (frå Sogn og nordover), *bjølleblom* (Kvinnherad), *bjødleblom* (Sjernerøy, Skjold, Suldal, Odda, Os), *bjødle* (Klepp, Nærbø, Time, Vik). *Fingurbør* (Hordaland), *fingurbjør* (Voss), *bjøllesoleie* (Hafslo, Leikanger), *bjødlesoleie* (Aurland), *styggemannssoleie* (Aurland). *Søterot* (Jølster, men dette er kanskje heilt lokalt).

Andre tradisjonar:

«Ein kunne ta blomsten i munnen og blåse (*skyte*) den ut» (Balestrand). «Barn spiste blomsten» (Jondal, Førde). «Når ein ser *blåbjelle*, skal ein gå i slåttengen» (Rauland, Jølster).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Klokkesøte

(*Gentiana pneumonanthe*)

Kjenneteikn:

10–30 cm. Opprett grann stengel med linjeforma blad, manglar rosett. Ein til nokre få blomar. Store blå blomar, som er klokkeforma. Sjeldan kan dei også vere ljøs blå eller kvite. Blømer i juli–september. Planta er vanskeleg å få auge på før bløminga. Frøa treng flekkar med bar jord for å kunne spire.

Raudlistestatus (2015):

Sårbar (VU).

Veksestad og skjøtselkrav:

Sørleg art. Veks på fuktig og oftast næringsfattig mark. På myr, i kystlynghei og dynetrau. Går sterkt attende 3–5 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve vert halde oppe ved riktig skjøtsel av kystlyngheiane, beiting og ved ikkje å gjødsle. Gjennom handlingsplan for kystlynghei er dette ein av dei artane ein prøver å ta vare på.

Utbreiing på Vestlandet:

Ein særmerkt art i kystmyr og kystlynghei i Rogaland og lengst sør i Sunnhordaland.



Begge foto: © E. Svalheim/NIBIO.

Kystblåstjerne

(*Tractema verna*)

Kjenneteikn:

5–15 cm. Smale og stive blad som veks opp frå laukane. Stenglar med få ljose blå blomar som sit i ein halvskjerm. Blømer i juni.

Raudlistestatus (2015):

Sterkt trua (EN), fordi den berre veks på nokre få og spreidde lokalitetar på Vestlandet. Tilbakegangen skuldast i all hovudsak attgroing når den tradisjonelle bruken med slått og beite stoggar opp. Nedbygging og skogplanting truar også leveområda.

Veksestad og skjøtselkrav:

Truleg vart kystblåstjerne innført med før frå Skottland, Shetland eller Færøyane i vikingtida. Kystblåstjerne er ein vestleg art som veks i naturbeitemark, kystlynghei og på areal som tidlegare har vorte slått. Kan også vekse på grunt jorddekte berg. Oftast knytta til noko kalkhaldig grunn der det er innslag av skjelsand. Gode levetilhøve vert teke vare på ved slått eller beiting og ved ikkje å gjødsle. Variert bruk av beitedyr (sau og unge dyr av storfe og hest) har vist seg å vere gunstig. Det bør ikkje beitast i den tida plantene blømer og set frø (frå midten av mai til midten av juli).

Utbreiing på Vestlandet:

Ein svært sjeldsynt og sterkt trua art som er knytta til kysten. Er kjent frå nokre få lokalitetar, på Karmøy, i Askevoll, Solund og Flora.



Begge foto: © P. Thorvaldsen/NIBIO.

Storblåfjør og heiblåfjør

(*Polygala vulgaris* og *P. serpyllifolia*)

Kjenneteikn:

10–30 cm. Storblåfjør er oftast størst av desse to artane. Begge har små, smale blad spreidde oppover stengelen. Har fleire små, blå blomar. Blomane til storblåfjør er vanlegvis større og fleire (8–40) enn hjå heiblåfjør (som har 3–10 blomar). Sjeldan kan blomane også være kvite eller raudfiolette. Blømer i mai–september. Desse to artane er lett å forveksle.

Veksestad og skjøtselkrav:

Begge desse artane er knytt til gamal kulturmark. Storblåfjør veks helst på kalkhaldig, tørr mark, heiblåfjør er meir nøysam. Storblåfjør finst i slåtte- og beitemark, i skog- og vegkantar, samt i myr. Heiblåfjør er ein vestleg art og veks i kystlyngheiane og på myr. Går sterkt attende eller døyrt ut allereie 3–5 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert halde oppe av lyngheiskjøtsel (heiblåfjør), sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle (storblåfjør).

Dialektnamn frå regionen:

Blåfjør-artane er så like at folk ikkje skilde mellom dei i folketradisjonen. *Blåspir* (Nord Vågsøy).

Utbreiing på Vestlandet:

Begge artane er vanlege i kyststroka i heile regionen. Storblåfjør går også inn i fjordane. Heiblåfjør veks opp til 900 moh. i Fusa.



Heiblåfjør: Foto: @ K. Vignander.



Storblåfjør: Foto: @ B. Bele/NIBIO.

Tviskjeggveronika

(*Veronica chamaedrys*)

Kjenneteikn:

5–30 cm. Krypande, greina stengel. Hår i to rekkjer på stengelen ("tviskjegga"), og grovt tanna blad. Blomane har fire kronblad som er blå med mørke årer og kvitt i midten. Blomane står saman i ein pyramideforma samling. Blømer frå mai–august. Kan forvekslast med andre veronika-artar (men desse har ikkje "tviskjegga stengel").



Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på frisk til tørr mark. Vanleg i slåttemark, beitemark og vegkantar. Veks også i skogsbryn og i open (beita) skog. Etter at drifta har stogga aukar den ofte fyrst, før den går attende 10–15 år seinare. Gode levetilhøve vert halde oppe av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Oskeblom, «kanskje av di dei ljose håra gjev ein grå dâm som minner

om oske» (Bremnes). *Mennskjærleik*, truleg oversett frå tysk *Männertreue* (Fitjar).

Andre tradisjonar:

Den vart ofte plukka til bukettar, men blomane fell raskt av.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, i låglandet og dalføra.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Lækjeveronika

(*Veronica officinalis*)

Kjenneteikn:

10–30 cm. Krypande stenglar som er tett håra og slår rot. Blada er blågrøne og lodne, blomane små og bleikt blå til fiolette. Blømer i juni–august. Kan forvekslast med snauveronika, men denne er glatt og har mykje mindre blad (ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på tørr og mager jord. Vanleg i beitemark, slåttemark, vegkantar og (beita) skog. Går attende 10–15 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på av beiting og ved ikkje å gjødsle, men også av sein slått.

Dialektnamn frå regionen:

Sigrøa (nokre få stader i Hordaland). *Sygreia* (Jondal), *sigrøa* (Kvam, Strandebarm). *Flesmegras*, *frismegras* (Aurland), *flismegras* (Davik), *frismegras* (Hafslo), *fresmegras* (Nord Vågsøy). *Tegras* (Fitjar).

Andre tradisjonar:

«Ble kokt saman med rømme og tjære til en salve som ble brukt mot brennkopper på kyr og på mennesker» (Jondal). «Kokt i fløyte vart planta brukt som lækjesmurning på sårspena kyr» (Kvam). «Budeiene kokte planten saman med fløte og smurte salven på hændene når de fikk kokopper av kuene» (Strandebarm). «Mot frisme, d.e. ein heil del små svullar (som er smittsomme) med materie i toppen. Graset vart kokt til graut som de la på byllene, eller de drakk ein the av bladi» (Aurland). «Kokt, var godt mot flisme-fingrar, dvs. beinsvull på fingeren» (Eike-



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

fjord). «Blom og blad skulle trekkje eit bel i brennevin, og med dette vaska dei trutne lemer utan sår. Då gjekk trøten ned» (Vik).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til 1150 moh. i Odda (Hordaland).

Engfiol og skogfiol

(*Viola canina* og *V. riviniana*)

Kjenneteikn:

Desse fiolane kan bli 5–20 cm. Engfiol har ein stengel som er greina frå grunnen av, men manglar bladrosett. Mørkegrøne, tjukke blad, som er avlangt hjarteforma. Skogfiol har ein stor bladrosett som er samansett av tynne hjarteforma blad. Skogfiol har dessutan ein mørk jordstengel med merker etter gamle bladfeste (dette er eit godt skiljeteikn mot engfiol). Begge har blå blomar, og blømer i mai–juni.

Veksestad og skjøtselskrav:

Begge veks i gamal kulturmark som beitemark, slåttemark, tørrbakkar og i (beita) skogkantar og skog. Engfiol går attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Namnet *fiol* er kjent av dei fleste, sjølv om det opphavleg kjem frå litteraturen. *Blåveis* er vanleg bruka der *Anemone hepatica* ikkje veks (Haugesund, særleg utover Karmøy, Eidfjord, Haus, Modalen, Ullensvang, Bremanger, Eikefjord, Gloppen, Kinn). *Blåvise*, *blåvisa*, *blåvis* (Forsand, Høle, Mosterøy, Fitjar). *Blåsoleie*, *blaosoleie*, også om andre blå blomar (Aurland, Balestrand, Sogndal, Sunnfjord), *små blåsoleie* (Nord Vågsøy, til samanlikning med skogstorkenebb).



Engfiol. Foto: © B. Bele/NIBIO.

Andre tradisjonar:

«Blad av *V. canina* og *V. riviniana*, *hjärteblökke*, bruktes mot *hjärtesjukdomar*» (Aurland). *Blåhane* (Statthelle), *kattblom* (Lyngdal), *kjeablom* (Kvinnherad), *Kristi Blå auge* (Os), *båtegras* (etter forma på kapslane, Hafslo).

Utbreiing på Vestlandet:

Begge artane er vanlege i regionen, i låglandet og dalføra. Engfiol går opp til 860 moh. i Stryn.

Stemorsblom (Dag og natt)

(*Viola tricolor* ssp. *tricolor*)

Kjenneteikn:

5–30 cm. Dei nedste blada er ofte hjarteforma, dei øvste er meir avlange, med runde tenner. Blomar i fargane fiolett, gult og kvitt. Blomane kan også være gulkvite. Blømer i april– oktober. Kan ikkje forvekslast med dei andre fiolane (berre stemorsblom har tre fargar i blomen).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks tørt, i tørrbakkar, vegkantar, på berg og strender. Vanleg også som ugras i hagar og åkrar, og går inn i gjødsla eng. Gode levetilhøve på lang sikt vert halde oppe av beiting men også av slått.

Dialektnamn frå regionen:

Styggmorblom (Ullensvang, Balestrand, Fjaler, Hafslo, Leikanger), *styggmorsoleia* (Hafslo), *stykkmor(s) blom* (Hordaland, Aurland, Fjaler, Leikanger), *stiggmor(s)blom*, *stikk-morsblom* (Nærbø, Stjernerøy, Time). *Styvmorblom* (Luster). *Dag-og natt-soleia* (Gloppen, Hafslo, Innvik), *natt og lyse dag* (Bergen,



Vik). *Sol og måne, natt og dag* (Gloppen), *sol og måne* (Karmøy, Naustdal). «*Skjereblom, skjerablom, skjerbloom* fordi blomsten er flerfarget likesom fuglen» (Suldal, Odda).

Andre tradisjonar:

«Det største bladet med mykje gult var stykmori som åt mykje smør. Dei tvo på sidone var rette døtrene; dei fekk og mykje smør. Minst vart det på dei tvo neste (øvste) bladi som mest vantar gult, det var stykdøtrene» (Aurland). «Mori et op for borni sine og sjølv vert feit» (Stryn).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Engsyre (matsyre) og småsyre

(*Rumex acetosa* ssp. *acetosa* og
R. acetosella ssp. *acetosella*)

Kjenneteikn:

Engsyre vert 20–80 cm. Har raudleg, hul stengel som ofte er vridd. Pilforma blad utan tilbakebøyde flikar. Småsyre vert 10–50 cm, har spydforma, smale blad med tilbakebøyde flikar. Begge har ein smal blomestand med opprette greiner og grønraude eller mørke-raude blomar. Dei har han- og hobloamar på kvar sine planter, og blømer i mai–juli.

Veksestad og skjøtselkrav:

Engsyre er noko næringskrevjande og veks i slåtte- og beitemark, samt i vegkantar. Den veks òg ofte som ugras i dyrka eng og vert favorisert av gjødsling. Småsyre er mest vanleg på tørr og mager jord, i tørrbakkar og på berg. Begge aukar i mengde i ein tidleg fase av attgroinga, men småsyre går ut etter 10–15 år og engsyre etter 25–35 år. I gamal kulturmark vil beiting og slått være gunstig for begge artane.

Dialektnamn frå regionen:

Namnebruken gjeld i hovudsak engsyre. Namna inneheld alltid *sur* i ei eller anna form. *Syre*, *suregras* var vanleg i Hordaland og i Sogn og Fjordane. *Syrestylk* var også eit vanleg namn på Vestlandet. Meir sjeldan var *lammesyra* (Alversund, Lindås, Masfjord, Meland, Strande-barm), *lambesyra* (Strandebarm).

Andre tradisjonar:

Hjå engsyre vart både blad og stengel ete. Også småsyre vart ete, men i mykje mindre grad. «Den syrlige smaken er leskende, og



Engsyre. Foto: © B. Bele/NIBIO.



Småsyre har spydforma, smale blad med tilbakebøyde flikar. Foto: © B. Bele/NIBIO.

mengden av oksalsyre er ikkje så stor at den skader». «Guttene spiste helst den øverste delen av den blomstrende stengelen» (Gloppen). «*Syrestelken*, blomstelken, er krasemat for alle gutungar når han er på det saftigaste» (Sunnfjord). «Brukes til salat, med sur fløte» (Høyland). «*Syregras* i maten» (Hafslo). «Ble mye gitt til grisen. Da slog de den tidlig» (Gloppen). «Nervøse folk skulle ete mykje *syregras*» (Vik).

Utbreiing på Vestlandet:

Begge artane er vanlege i heile regionen og går heilt opp i fjellbjørkeskogen.

Gulmaure

(*Galium verum*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Linjeforma, mørkgrøne blad som liknar barnåler og som sit i kransar på åtte blad. Dei gule blomane sit i ein tett topp og har god lukt. Blømer i juli–august.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks mest på tørr og kalkhaldig grunn. Finst i slåtte- og beitemark, på grunt jorddekte berg, i tørrbakkar og sanddyner. Aukar gjerne dei 10–15 fyrste åra etter at drifta har stogga opp, før den går sterkt attende etter 25–35 år. Gode leve-tilhøve vert halde oppe av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Gulmaure er kjent mange stader, men kan være av nyare dato. Det er ikkje gjeve konkrete opplysningar om at den vart kalla gulmaure på Vestlandet. *Daudingblomst* (Hafslo).

Andre tradisjonar:

«Planten skal ha vært brukt mot gikt» (Ullensvang).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanlegast i indre strøk. Går opp til 1080 moh. i Eidfjord (Hordaland).



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Krypsoleie og engsoleie

(*Ranunculus repens* og *R. acris*)

Kjenneteikn:

15–40 cm. Engsoleie har opprett stengel, medan krypsoleie har liggjande til opprett stengel. Mørkegrøne, 3-flika blad. Dei to artane er svært like, men kan skiljast på blada. Blada hjå krypsoleie har ein skafta midtflik, medan engsoleie ikkje har eit slik skaft. Krypsoleie har utløparar som slår rot. Begge blømer i mai–juli, og har gule, glinsande blomar.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på frisk-fuktig, næringsrik mark. Vanleg i beite- og slåttemark, (beita) skog og vegkantar, krypsoleie veks også i sump og på tangvollar. Vert rekna som ugras i beitemark og fulldyrka eng. Artane vert ikkje beita fordi dei er litt giftige og beiske i smaken. Når drifta stoggar, vil desse artane fyrst auke, før dei går attende etter 8–10 år. Tråkkpåverknad er gunstig for krypsoleie.

Dialektnamn frå regionen:

Engsoleie vart kalla *smørsoleie*, *smørsoleia* (Aurland, Balestrand, Breim, Davik, Eid, Gloppen, Hafslø, Hornindal, Innvik, Jølster, Nord Vågsøy, Stryn, Vik, Eid). Vart også kalla *smørresoleie* (Hafslø). Av ordet «*silkje*» som betyr å glinse kjem namn som *selkjeso-leia* (Herdla), *silkjeblom* (Stord, Tysnes), *silkjeso-lei* (Jølster), *sleikjesoleia* (Os). *Brurasoleie* fordi den vart bruka i brudekransar (Hamre, Haus). *Jonsok(e)soleie* (eller *-soleia*) vart den også kalla fleire stader (Fjaler, Førde, Gaular, Jølster, Naustdal). *Smørblom* (Rogaland, Hordaland). Krypsoleie (i bløming)



Engsoleie. Foto: © B. Bele/NIBIO.



Blada hjå engsoleie har ein uskafta midtflik. Foto: © B. Bele/NIBIO.

har fleire stader same namn som engsoleie, medan røtene hadde eigne namn. Vart mellom anna kalla *brurasoleior* (Hamre, Haus). Røtene vart kalla *trauska* (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane). Andre variantar er *trønska* (Rogaland, Hordaland, Fjaler, Luster), *traunska* (Røldal, Ullensvang), *traumska* (Kinsarvik, Kvam, Kvinnherad, Modalen, Ulvik, Voss, Vossestrand), *tremaska* (Voss, Vossestrand).



Krypsoleie. Foto: © B. Bele/NIBIO.

Andre tradisjonar:

Om engsoleie heiter det at «Avdrotten auka når smørblomen, *R. acer*, var komen» (Kvinnherad), men det er mogleg at planta fungerte som eit kalendermerke i dette tilfellet. Røtene til krypsoleie har i kyststroka vore nytta som naudfôr, sidan dei er svært rike på stivelse (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane). Vanlegvis vart røtene grava opp i våronna, skylt og gjeve krøtera som tilskot. Ofte var det husmannsfolk og andre meir dårleg stilte som måtte ty til dette føret. Det finst og døme på at røtene vart sankt om hausten: «Det har kanskje stundom om hausten vore brukt å samla *trauska* or åkrane, skilja molda av det og gjeva det til kyrne». «Dei nytta dei til kraftfôr, skylde dei og gav dei til kyrne. Husmennene grov ofte fóra og hadde trauske som betaling. Dei var fegne dei fekk det arbeidet» (Suldal). Røtene vart mange stader rekna som eit godt og næringsrikt for, og «Kjydnna mylktest tå da, sa dei gamle» (Hamre). Andre stader heitte det «helst naudfôr, dårleg»



Blada hjå krypsoleie har ein skafta midtfluk. Foto: © B. Bele/NIBIO.

(Lindås). I Etne er det kjent at den vart bruka som fôr fram til i 1947. «Dei bruka *trauska* til grisemat til kring 1900» (Balestrand). «Eg hev vore med og vaska mykje *trauske* til kyrne. Men dei åt ikkje serleg mykje av det» (Fjaler).

Utbreiing på Vestlandet:

Begge artane er vanlege i heile regionen. Av engsoleie finst det fleire underartar.

Småengkall

(*Rhinanthus minor*)

Kjenneteikn:

10–40 cm. Einskild stengel eller med nokre få greiner, vanlegvis noko mørkfarga. Tanna, motsett stilte blad. Gule blomar, blømer i juni–august. Plantene tørkar ved frøsetjing og vert ståande med tørre, flate frøkapslar. Engkallartane er eittårige halvparasittar, dei snyltar på andre planter og har svake, kvite røter som sit laust i jorda. Kan forvekslast med storengkall (men den finst berre sjeldan nord til Osterøy, ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i slåtte- og beitemark, i beita skog, langs vegkantar og stiar. Finst også i gjødsla eng. Går sterkt attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert halde oppe av beiting, sein slått og ingen gjødsling.

Dialektnamn frå regionen:

Vart kalla *engjakadl* både i Rogaland og Hordaland. Ein *ennjakadl*, fleire *ennjakadla* (Forsand). *Ennjakallje* (Eikefjord).

Andre tradisjonar:

Er kjent som kalendermerke i heile regionen (Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, også noko opp i fjellet.



Foto: © B. Bele/NIBIO.



Småengkall med frøkapslar.

Foto: © B. Bele/NIBIO.

Tiriltunge

(*Lotus corniculatus*)

Kjenneteikn:

10–30 cm. Krypande til oppreist stengel med små blågrøne blad. Blad med to par småblad som står mot kvarandre og med eit endesmåblad. Gule blomar som ofte er litt raudfarga. Blømer i juni–juli. Kan forvekslast med rundskolm/rundbelg (som har eit større endesmåblad).

Veksestad og skjøtselskrav:

På tørr og noko mager jord. I beite- og slåttemark, tørrbakkar, vegkantar, lyngheiar, strandberg og strandenger. Går sterkt attende 10–15 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert halde oppe av sein slått, beiting og ingen gjødsling.

Dialektnamn frå regionen:

Namnet *tiriltunge* og ulike variantar av dette er vanleg i mange dialekter på Vestlandet. *Tiritunga*,



og sjeldnare *tirtunga* (Hordaland). *Tirtung* (Alversund, Hamre, Haus, Meland, Os), *tirtom* (Hamre, Haus), *tirill* (Madla). *Marilyklar*, og sjeldnare *marilykjel*, *marilykjel*, *marilykle* (Jondal, Kinsarvik, Kvam, Kvinnherad, Odda, Ullensvang, Ulvik, Voss). *Luklagras* (Voss).

Andre tradisjonar:

«Far sa at hestane kunne verte sjuke av å beite tiriltunge og åtvare mot å tjore hestane der det var mykje av planten» (Jølster). «Dei gamle sa om fint smør at det var gult som *terlitunga*» (Forsand).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyst- og dalstroka i heile regionen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Gulskolm

(*Lathyrus pratensis*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Kanta, snau stengel som ofte klatrar i andre planter. Eit par spisse småblad med klengjetråd. Ljos gule blomar (5–10) som sit på eit langt skaft. Blømer i juni–juli. Kan forvekslast med tiriltunge (som har eit lite endesmåblad), rundskolm (som har eit stort endesmåblad).

Veksestad og skjøtselskrav:

Er truleg ein innført art. Veks helst på næringsrik mark. Finst i kulturmark, fulldyrka eng, skog- og vegkantar. Sein slått og beiting gjev gode levetilhøve.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Følblom

(*Scorzoneroides autumnalis*)

Kjenneteikn:

5–40 cm. Rosett ved bakken, som har smale og oftast flika blad. Gule blomar som er samla i korgar, berre ein eller eit par korgar per stilk. Blømer i juli–oktober. Kan forvekslast med løvetann og svæver, men desse kan skiljast på blada (sjå eigne skildringar).

Veksestad og skjøtselskrav:

På open, frisk jord. Veks i vegkantar, beite- og slåttemark, (beita) skog og strandenger. Finst også i kultureng og toler litt gjødsel. Går attende allereie etter 3–5 år, og vert sterkt redusert 10–15 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på ved beiting og ved ikkje å gjødsle, men sein slått er også gunstig.

Dialektnamn frå regionen:

Kvellsvøva (Suldal).



Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til fjellskogen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Svæver

(*Hieracium* spp.)

Kjenneteikn:

Hieracium er ei svært stor planteslekt med mange artar som er vanskelege å skilje frå kvarandre. Karakteristisk for svævene er at dei anten har blada samla i rosett ved bakken, eller at dei har både rosettblad og stengelblad. Plantene har opprette stenglar, og blomane er gule, sjeldnare raudlege. Blomane er samla i korgar. Blømer frå mai til august. Tre vanlege grupper av svæver er *hårsvæver*, *skjermsvæver* og *beitesvæver*. Hårsvævene vert 5–30 cm, har bladrosett ved bakken og blomestengel utan blad. Blada er heile eller har utydelege tenner med lange, mjuke hår på oversida. Gruppa av *skjermsvæver* vert 5–80 cm, dei har ikkje rosettblad, men mange og tettsitjande stengelblad. Blada har spreidde tenner. Talrike blomar er samla i ein skjermforma topp. *Beitesvæver* har rosettblad, som er kileforma ved grunnen og har framoverbøygd tenner. Korgene sit på korte skaft og er tett samla.

Veksestad og skjøtselkrav:

Hårsvævene veks vanlegvis tørt, ljosome og ofte på kalkfattig grunn. *Skjermsvævene* veks på tørr mark, i (kanten av) beite- og slåttemark, sanddyner og på berg. Dei finst ofte langs vegkantar og jernbaneliner. *Beitesvævene* veks vanlegvis i beitemark, slåttemark, open (beita) skog, vegkantar og skrotemark. Kan også vekse i noko gjødsle eng. Gode levetilhøve for svævene på lang sikt vert teke vare på ved beiting, slått og ved ikkje å gjødsle.



Skjermsvæve. Foto: © B. Bele/NIBIO.



Beitesvæve. Foto: © B. Bele/NIBIO.

Utbreiing på Vestlandet:

Er vanlege i heile regionen.

Løvetann

(*Taraxacum* spp.)

Kjenneteikn:

Løvetann-slekta inneheld ei rekkje artar (omtrent 1000 småartar), som er svært vanskelege å skilje frå kvarandre. Høgda varierer, men vanlegvis vert dei 5–40 cm. Løvetann-artane har flika blad som er samla i rosett ved bakken og ein innhol stengel med kvit plantsaft. Blomane sit tett i tett i korgar på enden av blomeskafta. Blømer i mai–august.

Veksestad og skjøtselskrav:

Løvetann-artane har ei rekkje vekseområde, og trivst godt i gjødsla eng, i beite- og slåttemark, vegkantar, plen og skrotemark. Ugrasløvetann er innført til landet. Det er ikkje ynskjeleg med store mengder løvetann i kulturmark.

Dialektnamn frå regionen:

Løvetann, *løvtann* er bruka i heile landet. *Sauablom* (Ro, Ho), *saudablom* (Ro). *Saugablom* (Åkra, Stord), *kaninblad* (Madla, Time, Haugesund), *kaninblokker* (Madla, Time). *Lusablom* (Austevoll). Lokale variantar av *gullboste*, *gullbosti* og liknande (Ho, SF). *Gullkrans* (Hamre). *Krans* (Evanger). *Svæva* (Fjaler, Leikanger, Sogndal), *nattsvæve* (Bremanger, Bru, Førde, Hafslø, Jølster, Kinn, Lærdal, Naustdal, Nord Vågsøy, Sunnfjord). *Kvellsvæve* (Fjaler, Hafslø, Sunnfjord), *kvellsvøva* (Evanger, Granvin, Voss, Hafslø, Vik). *Kvellsvøva* (Aurland, Balestrand, Leikanger, Vik). *Kvellskjippa* (Forsand).

Andre tradisjonar:

«Det har vært ganske vanlig, især blant barn, å tro at saften er giftig.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Den het *skabbblomst* da merkene etter saften ble trodd å være skabb på hendene» (Bergen). «Barn har trodd at den hvite melkesaften er virksom mot vorter» (Bergen). Løvetann har vært slåttemerke: «Når *hårkall'n* slipper frøa, kan slåtten ta til» (Evanger). «I fyrstninga av mai når *gullbosten* blømer, kan kui livnære seg på beite» (Selje). Vart bruka til å pynte jonsokbruder med (Kyrkjebø).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.

Kystgrisøyre

(*Hypochaeris radicata*)

Kjenneteikn:

20–40 cm. Blad i rosett ved bakken. Blada er flika eller tanna. Stengel med ein eller nokre få blomemorker. Gule blomar (om lag 3 cm breie). Kantblomane har ei brei og grå-fiolett stripe på undersida. Kan forvekslast med flekkgrisøyre (men den har mørke flekkar på blada, ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på tørr mark. Sørleg-vestleg art som finst i beite- og slåttemark, tørrbakkar, beiteskog og vegkantar. Går stekt attende 5–10 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på ved beiting, slått og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Spreidd til vanleg i dei ytre kyststrøka, opp til 260 moh. i Bergen.



Begge foto: © E. Svalheim/NIBIO.

Solblom

(*Arnica montana*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Avlange blad i rosett ved bakken. Nokre få, motsette blad på stengelen. Ein eller nokre få, store guloransje blomar (5–7 cm). Blomane har sterk lukt. Blømer i juni–juli.

Raudlistestatus (2015):

Sårbar (VU).

Veksestad og skjøtselkrav:

Veks på kalkfattig og mager mark. Sørleg art som finst i slåtte- og beitemark, beita skog, lynghei, langs vegar og stiar. Går sterkt attende 10–15 år etter at drifta har stogga, men nokre rosettar kan stå att i fleire tiår etterpå. Gode levetilhøve på lang sikt vert teke vare på ved sein slått, storfebeiting og ved ikkje å gjødsle. Ein bør ikkje beite med sau midt på sommaren.

Utbreiing på Vestlandet:

Fragmentert utbreiing. Registrert i Rogaland og i Hordaland (Sveio, Bømlo og Stord). Kjente førekomstar i Sogn og Fjordane har gått ut.

Dialektnamn frå regionen:

Jonsokblom, *jønsokblom* (Ro). *Hestablom* (Bjerkreim, Vikedal, Åkra, Etne, Fitjar, Balestrand). *Hestafivel* og *hestafivedl* (Etne, Fitjar, Os, Stord), *hestesoleie* (Ullensvang).

Andre tradisjonar:

«Når den begynte å blomstre, skulle det være rett tid å begynne slått» (Nærbø). «Er ikkje blomen utsprungen jonsok, so er det eit seint år» (Bjerkreim). «Ved jønsok skal den være utsprunget, hvis det er en normal sommer» (Høyland). «Då



Foto: © B. Bele/NIBIO.



Foto: © E. Svalheim/NIBIO.

æg va liden, sae di atte når *jønsågblomen* vå låge, sko kodne verta lågt, men di gamle spådommane sæde inkje allti» (Klepp). *Jonsokblommen* skulde være kommen når utengslåtten tok til. Nå brukes (utengslått) nesten ikke her» (Nærbø). «En gammel mann her fortalde at han som liten alltid måtte plukke en masse *jonsokblom*, da hans mor laget medisin av dem» (Madla). «*Jønsokblom* plukket jønsoknatt bruktes på bullenskab og virket blæretrekkende» (Røldal).

Lintorskemunn

(*Linaria vulgaris*)

Kjenneteikn:

Opprett stengel (5–70 cm) som er fint håra. Smale, gulgrøne blad langs heile stengelen. Kort blomelase. Gule blomar med oransje pukkell og lang spore. Blømer i juli–september.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på tørr mark. Finst i tørrbakkar, beitemark og på berg. Også vanleg langs vegkantar, jernbaneliner og der det er open jord. Kan gå inn i noko gjødsle eng. Gode levetilhøve vert teke vare på ved beiting og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i låglandet i heile regionen. Går opp til 1220 moh. i Ulvik (Hordaland).

Dialektnamn frå regionen:

Torskemunn er det vanlegaste namnet, men kan delvis vere spreidd gjennom litteraturen. *Smørbukk* (Leikanger, Sogndal).



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Rome

(*Narthecium ossifragum*)

Kjenneteikn:

10–40 cm. Veks i matter. Tett bladsamling av smale, korte blad. Stengelen har også mange smale blad. Gule til oransje blomar. Blømer i juli–august. Planten vert tidleg gul om hausten.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på fuktig, mager myrjord og i hei. Truleg har mengda av rome i utmarka auka etter at det vart slutt med utmarksslåtten. Undersøkingar syner at bløminga går attende ved intensiv slått. Det er ikkje ynskjeleg med for store mengder rome i kulturmark.

Dialektnamn frå regionen:

Rome, *romegras*, *romagras* (Ho).

Andre tradisjonar:

«Ein talar om at krøtera får roma-brotet» (Suldal). «Kyrne får møyre bein av å eta for mykje stor (sikter her til *Narthecium*), dei får stor-brot» (Bruvik). «Når sauene får for meget rome, får de hovdasott, dvs. *alveld*, eller *blodsott*, sier folk her. De går og ryster på hodet som om de hadde fluer i øyrene og til slutt kreperer de» (Høyland). «Rome er i desennier gjort ansvarlig for *alvellen*, som angriper hodet og især ørene på kvite lam, aldri svarte» (Jæren). «Ein talar om at krøtera får *romabrotet*, eit slag forgiftning; men her og sier ein at det er godt beite der *bråtestorren* veks» (Suldal). Nokre stader i Ro og SF har den vorte rekna som ei god beiteplante. «*Romegras* liker sauen godt. Den blir aldri syk når den kommer på høgfjellet selv om den spiser rome, og den blir ikke syk av



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

tørket romehøy» (Høyland). «Folk lika grasslaget, det anga godt, og so visste dei at dyri lika best føret når det var fleire slag gras saman. Og då var *rome* godt å ha med» (Modalen). «Blir slått til sauefór» (Hornindal). Den vart også nytta som kalenderplante: «Når det fyrste gule auga viste seg på *romablomen*, sagde dei gamle då var graset vokse og slåttten kunde taka til» (Bjerkreim). *Ljågras*, *jågras* (Suldal). *Myrsaks* (Jølster), *myrsjaks* (Jølster). *Storr* (Bruvik, Fitjar), *bråtestorr* (Suldal). *Blåflis* (Førde).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyst- og dalstrøka i heile regionen.

Kusymre

(*Primula vulgaris*)

Kjenneteikn:

10–15 cm. Store, omvendt eggforma blad i ein tett rosett. Ljos gule blomar som sit på kvar sin stengel. Blømer allereie i april–mai. Kan forvekslast med andre gule *Primula*-artar, men hjå desse sit det fleire blomar på kvar stengel.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på frisk mark, gjerne sørvendt og på kalkhaldig grunn. Vestleg art som finst i ulike typar kulturmark, beita edellauvskog, skogkantar og i kystlyngheiar. Går attende når skogen vert for tett, men trivst godt i ljusopne kantar, til dømes med hasselkjerr. Vert også dyrka i hagar. Gode levetilhøve vert teke vare på ved beiting, slått og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyststrøka, inn til Kvam og Stryn.

Dialektnamn frå regionen:

Namnet *kusymre* er kjent i dei områda der den veks, men kjem truleg frå litteraturen. *Kusømra* (Hålandsdalen), *kusumre*, oftast uttalt *kusomre* (Høyland, Fana, Herdla, Hålandsdal, Davik, Gulen, Nord Vågsøy), *kusemmer* (Bjerkreim, Kleppe). *Kusimpe* (Bremanger, Bru, Kinn), *kusom* (Sauda, Skjold, Skudenes, Skåre, Vikedal, Åkra, Haugesund, Stavanger, Vikebygd, Askvoll). *Kublom* (Austevoll, Fjell, Hålandsdal, Lindås, Strande-barm, Strandvik, Sund), *kyrasoleia* (Jondal), *kusoleia* (Masfjord), *busoleie* (Gloppen, Sør Vågsøy).



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Andre tradisjonar:

«Den gule primula kallast her for *kusummar* avdi kui kan livberge seg ute når den tek til å bløma eller og når blåbærlauvet sprett» (Vikedal). «Mor sa: me kallar han *kusumar* for når han blømer, kan kui finna mat sjølv ute» (Hamre). «Barn pleide spise *kusymrene* (Kvitsøy). «I vanlege milde vintrar viser *kusymra* seg i slutten av mars og da kan sauene sleppast på beite» (Selje). «Ku kunne livnære seg ute når *kusomre* var fullt utsprunget» (Davik).

Firkantperikum, prikkperikum og fagerperikum

(*Hypericum maculatum*,
H. perforatum og *H. pulchrum*)

Kjenneteikn:

20–100 cm. Desse artane er svært like. Alle tre har eggrunde blad og gule blomar. Dei blømer i juli–september. Prikkperikum har smale, spisse begerblad og to lister langs stengelen. Firkantperikum har butte begerblad og fire lister langs stengelen. Fagerperikum har eggforma, butte begerblad og manglar lister langs stengelen. Blomeknoppene gjev eit raudfiolett fargestoff som fargar fingrane dersom dei vert knuste.

Veksestad og skjøtselskrav:

Av og til kan ein finne firkantperikum og prikkperikum saman. Prikkperikum veks likevel vanlegvis mest solrikt, tørt og på kalkhaldig grunn. Firkantperikum er noko meir nøysam og veks i slåtte- og beitemark, i skogsbryn og tørrbakkar. Prikkperikum finn ein oftast i beitemark, tørrbakkar og på berg. Fagerperikum er dessutan ein typisk vestleg art som veks på kalkfattig mark, i lyngheiar, på berg og i skogkantar. Prikkperikum er den av desse artane som går raskast attende når drifta stoggar opp, etter 10–15 år. Både firkantperikum og fagerperikum aukar gjerne dei fyrste 10–15 åra, men går sterkt attende seint i attgroinga, det vil seie etter 25–35 år. Gode levetilhøve vert teke vare på av beiting, slått (firkantperikum) og ved ikkje å gjødsle.



Fagerperikum. Foto: © E. Michaelsen.



Prikkperikum. Foto: © B. Bele/NIBIO.

Utbreiing på Vestlandet:

Fagerperikum er ein vanleg art i kyststrøka. Firkantperikum og prikkperikum er vanlege i låglandet og dalføra i heile regionen, men prikkperikum er sjeldan ved kysten.

Dialektnamn frå regionen:

Perikum i ulike variantar er eit av dei latinske namna som har vorte teke opp i det norske språket og som meir eller mindre har fortrent dei stadeigne namna. Døme på lokale namn er *spirkum* (Fitjar), *pirekum* (Hafslo), *brennevinstras* (Fitjar, Fjaler, Gloppen), *ølkong* (Hamre, Modalen, Odda, Jølster), *ølkongstras* (Jølster). Namn som *hardbein*, *hardbeidn* kjem truleg av at planta er stiv, hard å slå (Kinsarvik, Røldal, Ullensvang, Ulvik). *Her(re)mannstras* (Fjaler, Førde, Gaular, Jølster, Kyrkjebø, Lavik), *Kristibloidsråpe* (-ar) er kjent frå Granvin, Balestrand og Førde. *Røysakong* (Balestrand). *Mor'tegras* (Forsand), *smør-bukk* (Suldal).

Andre tradisjonar:

I eldre tid var perikum eit mykje nytta lækjemiddel. Det var i all hovudsak blomestanden eller den øvste delen av blomestanden som vart nytta i folkemedisinen og då som *perikumbrennevin*. «*Perikum* på brennevin var lyv for all innvertes verk» (Kinsarvik). «Dei tok kumrane av *hermannstras* og la på brennevin. *Perikumbrennevin* var godt for dårleg mage» (Jølster). «Dei hadde knuppene i brennevin og drakk dette når dei var usle» (Sogndal). «Kokt i vatn skulle vera godt medel for folk som hadde vanskar med å lada vattne» (Forsand). «*Ølkongen* vart bruka til å gjera ølet blankt og godsma-kande. Nokø anna namn kjende eg ikkje på den planta før eg var yver tretti år. No (1941) er eg seksti (Modalen). Nytta for å få god smak på ølet også frå Hamre og Davik. Vart nytta som fargeplante, og gav beige eller gråbrun farge (Kinsarvik, Ullensvang, Førde). «Minnest at



Prikkperikum. Foto: © B. Bele/NIBIO.



Firkantperikum. Foto: © B. Bele/NIBIO.

bestemor fortalde at planten hadde fenge blod på Jesu ferd til Golgata. Ho knepte blomen millom neglene, og ei raud veske kom ut» (Granvin). «Folk tykte dette var en god förplante» (Fjaler). «*Hermannstras* i utslåtter ble regnet som verdi-fullt fôr» (Jølster).

Tepperot

(*Potentilla erecta*)

Kjenneteikn:

10–30 cm. Spinkle, oppreiste stenglar med tredelte blad. Gule blomar med berre fire kronblad. Blømer i juni–august. Kan forvekslast med flekkmure, sølvmure, vårmure (men alle disse har fem kronblad, vårmure er ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselkrav:

I ulike kulturmarker som beitemark, slåttemark og kystlynghei. Veks også i (beita) skog og i meir naturleg opne område som myr og fjellhei. Trivst best på ugjødsle mark, men kan også finnast i område som er litt gjødsle. Går attende 25–35 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på av beiting, sein slått og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Smørblom (Alversund, Kvinnherad, Meland, Odda, Kinn). *Smørkolla*, *smørkodla* (Alversund, Hamre, Haus, Hosanger, Lindås). *Smørsolie* (Masfjord, Fjaler, Stryn). *Mjelkeblom* (Fitjar). *Tesolie* (Voss, Aurland, Lærdal). *Skjiterot* (Odda), *skjetegras* (Fusa). *Munnskollerot* (Voss, Vossestrand, Eid, Førde, Hornindal, Jølster, Leikanger, Nord Vågsøy, Stryn). *Kjippemaur* (Fitjar, Fusa, Hålandsdal), *kjippemaurblom*, *kjippemaurblom* (Jondal, Kvinnherad). *Tormentille*, *tormentilla* (Kvinnherad, Gaular).

Andre tradisjonar:

«Kokt i søt mjølk, brukt mot diaré på folk og fe» (Haus). «Togg rota som medisin for mageilt» (Lindås). «Togg rota. Ho reinska



Foto: © B. Bele/NIBIO.

munnen» (Vossestrand). «Når folk var så nedforkomne at dei verkeite i munnen og tennene blei såre, kokte dei roti og åt henne» (Vik). Et avkok «nytta som umslag stogga bløding» (Stord). «Tepperot, som de fleste her kaller *smørblom*, bruktes mot raudsott, en sykdom som kyrne får av *hanntikk*» (Vikedal). «Roti mot tøver på krøter» (Vik; tøver er lammelse i munnen, oftest ved trolldom). «Ein nemner at smøret skulde verta gult når kyrne åt desse blomane» (Forsand). «Barna kunne gjerne få kaste blomstene av mjelkeblom opp i melken, det var snarest betraktet som noe som brakte hell» (Fitjar). Vart bruka som kalenderplante. «Når den var utsprungen, sa dei før i tidi at kunå var framfødde» (Forsand). «Når den blomstret, var det tegn på at ku og sau kunne livnære seg» (Gaular).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, også opp i snaufjellet.

Sølvmore

(*Potentilla argentea*)

Kjenneteikn:

15–50 cm. Opprett stengel med femdelte blad. Undersida av blada er karakteristisk sølvhåra. Ljos gule blomar. Blømer i juni–august. Kan forvekslast med tepperot og flekkmure. Flekkmure er ikkje skildra.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på tørr og gjerne kalkrik grunn. I ulike kulturmarker som beitemark, tørrbakkar og på berg. Går attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på ved beiting og ved ikkje å gjødsla, men også sein slått er gunstig.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i indre fjordstrøk.



Alle foto: © B. Bele/NIBIO.

Kvitmaure

(*Galium boreale*)

Kjenneteikn:

15–40 cm. Opprett stengel med fire smale blad i kransar. Blada har tre tydelege nerver. Tett blomestopp av kvite, små blomar. Blømer i juli–september. Kan forvekslast med andre kvite maurer, men sjekk talet på bladnerver!

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks tørt og friskt i ulike typar kulturmark, i slåtte- og beitemark, tørrbakkar, myrkantar og (beita) skog. Aukar ofte i mengde fyrst, før den går attende 25–35 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Kvitmåra (Aurland, Leikanger).

Andre tradisjonar:

Har vorte bruka til raudfarging av ull, men det er ikkje gjeve konkrete opplysningar om dette frå Vestlandet.



Utbreiing på Vestlandet:

Vanlegast i indre strøk i regionen, til skoggrensa.



Alle foto: © B. Bele/NIBIO.

Kystmaure

(*Galium saxatile*)

Kjenneteikn:

5–20 cm. Planten har krypande stenglar som dannar vide tepper og opprette skott. Blada sit fire og fire saman i kransar. Dei er omvendt eggforma til lansettforma og har ein brodd i spissen. Kvite små blomar sit saman i tette kvastar. Blømingstid i juni–juli. Kan forvekslast med sumpmaure (men den har seks eller fleire blad i kransen), myrmaure (som har butte blad).



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Veksestad og skjøtselskrav:

Vestleg art som veks i beita skog, beitemark, slåttemark og lynghei. Gode levetilhøve vert halde oppe av skjøtsel i lyngheiane og beiting, men slått er også gunstig.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyst- og fjordstrøka i heile regionen.

Dialektnamn frå regionen:

Vallemose (Gaular).

Andre tradisjonar:

«Kunne stundom vokse i stor mengde på tørre steder, mange tett sammen. Det var dårlig eng, men de slo det likevel med kortljåen. Det er berre *vall(j)emose*, sa de. Når de slo det, falt det ikke sammen som vanlig gress, men rullet bortover i baller» (Gaular).



Foto: © E. Svalheim/NIBIO.

Tusenfryd

(*Bellis perennis*)

Kjenneteikn:

5–25 cm. Blada sit i rosett ved bakken. Dei er omvendt lansettforma eller spatelforma. Stengelen er utan blad, og blomekorgene sit ein og ein. Korgene har kvite kantblomar og gule blomar i midten. Blømer rikast på tidlegsommaren, men kan bløme elles i sesongen også.

Veksestad og skjøtselskrav:

Truleg ein heimleg art på Vestlandet, men den spreier seg òg frå hagar. Veks helst på noko fuktig mark. Fint i beitemark, slåttemark, plen og i vegkantar. Kan også gå inn i gjødsla mark.

Utbreiing på Vestlandet:

Kan vekse i store tepper i beita grasmak i dei aller ytste kyststroka.

Dialektnamn frå regionen:

Tusendyder (Åkra).



Foto: © L. Hauge.

Bakkestjerne

(*Erigeron acer* ssp. *acer*)

Kjenneteikn:

10–50 cm. Avlange smale blad ved bakken og oppover stengelen. Ofte mange, små blomaker per stengel. Bleikfiolette/kvite korger med gult i midten. Blømer i juli. Kan forvekslast med fjellbakkestjerne og snøbakkestjerne (ikkje skildra), men bakkestjerne er høgare enn dei andre og har som regel ein forgreina blomestand. I tillegg kan desse artane skiljast frå kvarandre ved hjelp av blada og blomen.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks tørt og på kalkhaldig mark. I ulike kulturmarker, i tørrbakkar, langs vegkantar og i rasmark. Gode levetilhøve vert halde oppe av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Veks spreidd i indre strøk og i sanddynemark på Jæren.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Vanleg arve

(*Cerastium fontanum vulgare*)

Kjenneteikn:

10–30 cm. Lause tuver med både opprette og liggjande skot. Heile planta er meir eller mindre håra. Eggerunde blad, to og to saman. Mange kvite blomar på korte skaft. Kronblada omtrent jamnlange med dei grøne begerblada. Blømer heile vekstsesongen frå mai – november. Kan forvekslast med fleire arve-arter, til dømes vassarve (stengel med hår berre på ei side, ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i slåttemark, beitemark, beita skog, langs vegkantar og stiar, samt på skrotemark. Finst òg i gjødsla eng. Går sterkt attende allereie etter 5–10 år. Gode levetilhøve vert teke vare på ved beiting og sein slått.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til snaufjellet.



Foto: © E. Michaelsen.

Engkarse, vanleg

(*Cardamine pratensis*)

Kjenneteikn:

20–50 cm. Rosett ved bakken og nokre få (2–4) spreidde blad oppover stengelen. Blada er samansette av fleire småblad (runde eller lansettforma). Bleikfiolette eller kvite blomar. Blømer i mai–juni. Kan forvekslast med bekkekarse (har ikkje rosettblad, store stengelblad), ikkje skildra).



Veksestad og skjøtselskrav:

Engkarse er truleg ein innført art, men er no forvilla. Veks på næringsrik, fuktig–frisk mark. Finst i slåttemark, plen, kultureng og i frukthagar. Aukar ofte i mengde ved gjødsling.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyststroka i heile regionen. Den går også inn i indre fjordstrøk og er svært vanleg i frukthagar i Indre Sogn. Elles er den utbreidd omkring fjordane på Vestlandet.

Andre tradisjonar:

Har i liten grad vorte bruka til noko. «Barn har likt å spise blomstene» (Bergen).



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Grasstjerneblom

(*Stellaria graminea*)

Kjenneteikn:

20–30 cm, og har ein sterkt forgreina stengel med smale blad. Den er ofte samanfiltra med andre planter. Har kvite blomar og blømer i juni–september. Kan forvekslast med fleire andre arve-arter som til dømes skogstjerneblom (ikkje skildra her).

Veksestad og skjøtselskrav:

Grasstjerneblom veks på tørr til frisk mark, i ulike typar kulturmark som slåtte- og beitemark, gjødsla kultureng, vegkantar og skogkantar. Aukar i mengde tidleg i attgroinga, men går sterkt attende 25–35 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert halde oppe av beiting, sein slått og ved ikkje å gjødsla.

Andre tradisjonar:

Sidan den er svært vanleg, er dette ei plante som born har lagt merke til og bruka i sine leiker.



Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til skoggrensa.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Harerug

(*Bistorta vivipara*)

Kjenneteikn:

5–30 cm. Opprett stengel med smale blad. Kvitte blomar i toppen av akset, og lysbrune-raude yngleknoppar nedst. Blømer i juni–juli.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks helst på kalkhaldig mark. I beite- og slåttemark, (beita) skog og i naturleg opne snøleier og hei. Finst også i noko gjødsla eng samt i vegkantar. Går sterkt attende 10–15 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve kan sikrast av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektamn frå regionen:

Niprill, *niperill* (Røldal), *perlegras* (Os, Gloppen, Nord Vågsøy).

Andre tradisjonar:

«På en liten gård, Sværdalen, i Raundalen, hadde de spist rotknollene av denne planten» (Voss). «Som liten gutunge var eg ofte saman med andre i same alder og plukka *niprill* som me vaska og åt. Det var namnet *niprill* me brukte på jordstengelen. Men det kan tenkjast



at andre stader brukar dei namnet *niprill* om blomsterstengelen med yngleknoppene» (Røldal).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i hele regionen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Ryllik

(*Achillea millefolium*)

Kjenneteikn:

10–60 cm. Stiv stengel, både den og blada er håra. Fint oppdelte blad og mange små, kvite eller rosa blomar tett saman. Blømer i juni–oktober. Sterk lukt.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i slåtte- og beitemark, tørr-bakkar, (beita) skog og vegkantar. Finst også i gjødsla kultureng. Aukar gjerne sterkt i mengde dei fyrste 3–5 åra etter at drifta har stogga, men går sterkt attende etter 25–35 år. Gode levetilhøve på lang sikt oppnår ein ved sein slått og beiting samt ved ikkje å gjødsla.

Dialektnamn frå regionen:

Røllik er det kjente og vanlege namnet over heile landet. Vart og kalla *hardhaus* etter den stive stengelen som vert treen og står over vinteren (Forsand, Klepp, Kvitsøy, Nedstrand, Nærbø, Time). Også *harilhaus* (Sola).

Andre tradisjonar:

Tørka og knuste blad og blome-standar vart mykje bruka som krydder, mellom anna i pølse og til dels også i blodmat (Bremanger, Davik, Eikefjord, Nord Vågsøy, Vik). På grunn av innhaldet av eteriske oljer har ryllik vore ei mykje nytta lækjeplante. I mange tilfelle vart den då drukke som te. Vanlegast vart den bruka mot forkjøling slik som i Kvam (Hordaland), men også mot magesmerter og diarè (Strandebarm), mot oppstøt (Stryn) og nyresjuke (Haus, Kinn, Stryn, Sunnfjord). «På verk, på gamle sår som ikkje ville gro o.l.» (Masfjord, Balestrand). «Dei vaska håret i



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

løgen av ryllik, då ville det vakse godt og bli fint» (Masfjord).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, går opp i snaufjellet. Går opp til 1590 moh. i Lærdal.

Nyseryllik

(*Achillea ptarmica*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Opprette planter. Småle, ganske lange blad med tenner i kanten. Små, kvite blomekorger som sit 3–10 saman i skjermar. Blømer i juli–august. Kan forvekslast med ryllik (men den har sterkt oppdelte blad).

Veksestad og skjøtselskrav:

Nyseryllik er ein innført og bufast art som er i rask spreiring. Veks i slåtte- og beitemark, langs stiar, vegkantar og i skrotemark. Går også inn i oppdyrka og gjødsla eng.

Utbreiing på Vestlandet:

Ganske vanleg i heile regionen, men er noko knytta til kysten.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Karve

(*Carum carvi*)

Kjenneteikn:

15–50 cm. Blad med grønne, tråd-smale flikar. Kvite til rosa blomar. Blømer i mai–juli. Krydderlukt av frøa og av heile planta. Kan forvekslast med gjeldkarve og andre artar innan skjermplantefamilien (men blada skil dei, sjå bilete). Fleire av desse planteartane er giftige, men karve er ikkje det!

Veksestad og skjøtselkrav:

Veks både på tørr og litt fuktigare mark. Finst i slåtte- og beitemark samt i vegkantar. Veks også i litt gjødsla eng. Aukar gjerne noko i mengde dei 3–5 fyrste åra etter at drifta har stogga, men går sterkt attende etter 25–35 år. Gode leve-tilhøve på lang sikt vert sikra gjennom sein slått, beiting og ved ikkje å tilføre gjødsel.

Dialektnamn frå regionen:

«Navnet *krydd* ble ikkje benyttet om annet enn karve» (Gaular). Dette var det vanlegaste brukte namnet på Vestlandet.

Andre tradisjonar:

Karve har vore kjent av folk over alt der den finst, og høyrer til dei mest brukte viltveksande plantene. «Ein tok heile plantene inn når *krydda* var mogin. Når so *krydda* var turr, rispa ein henne i *krydderøskje* eller *krydderskrin*» (Fjaler). «På bøen vaks mykje karve, den plukka vi borna saman når graset var slege, la karven på eit utbreidt segl eller eit reint loft. So gnidde me karven av. Mor hadde han på tomflasker» (Hornindal). Karve vart bruka som krydder i ulike typar mat, mellom anna i fiskball og klubb (Nær-



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

bø, Etne, Kvam, Balestrand, Selje, Stryn), men også i rømmegraut (Fjaler).

Å bruke karve i ost har vore noko mindre vanleg på Vestlandet enn på Austlandet og Sørlandet. «Karve ble samlet og brukt i lausmata ost dvs. løst moden» (Stryn). Karvete som drikke var svært vanleg og daglegdags på Vestlandet. «Det heitte *karvavatn*» (Fjaler). «Me brukte så linn te at det gjekk ikkje stort karve til kvar gong» (Voss). Tørka kvaster av karve vart og bruka til å skvette vatn på leivane under flatbrødbakinga (Balestrand, Leikanger).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanlegast i indre strøk, men sjeldan langs kysten frå Sunnhordaland til Nordfjord. Går opp til 1230 moh. i Ulvik.

Jordnøtt

(*Conopodium majus*)

Kjenneteikn:

20–50 cm. Stengelen er spinkel og har sterkt oppflika blad. Kvite blomar som sit i skjerm. Blømer i juni. Har ein rund rotknoll som liknar på ei knudra nøtt, og som har gjeve namnet til planta. Kan forvekslast med gjeldkarve og karve, men desse kan skjiljast frå kvarandre ved hjelp av blada og røtene (sjå egne skildringar).

Veksestad og skjøtselskrav:

Jordnøtt er ein vestleg art som veks i slåtte- og beitemark og i kantar. Kan også gå noko inn i gjødsle eng. Aukar ofte noko tidleg i ein attgroingsfase, før den går sterkt attende 10–15 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve vert halde oppe av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Sjyrrot (Ulvik), jordklautra (Kvam).

Andre tradisjonar:

I heile utbreiingsområdet er dette ei velkjent plante. Born pleide å ete dei nøttestore underjordiske knollane. «*Jorneter* har eg ofte ete. Så snart våren kom, låg vi og grov i turre bakkar der dei voks. Dei vaksne var ikkje annleis dei heller» (Selje).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i midtre fjordstrøk og i kystregionen



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Gjeldkarve

(*Pimpinella saxifraga*)

Kjenneteikn:

20–50 cm. Har ei svært varierende bladform, der dei nedste blada er heile og vert sterkare oppdelte oppetter stengelen (sjå bilete). Stengelen er finstripa. Små kvite blomar (sjeldan rosa) som sit i dobbel-skjerm. Blømer i juli–september. Kan forvekslast med karve, men kan skiljast ved hjelp av formen til dei nedste blada (sjå bilete). Det er lite lukt av gjeldkarve samanlikna med karveplanten.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på tørr og noko kalkhaldig mark. I slåtte- og beitemark, sanddyner, på berg med tynt jorddekke og i vegkantar. Går sterkt attende 10–15 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve vert teke vare på ved sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanlegast i indre strøk. Går opp til 1220 moh. i Ulvik.

Dialektnamn frå regionen:

Den gongen dei sankar karve, hadde også gjeldkarve lokale namn. Den liknar mykje på karve, men vart ikkje bruka på same viset. Namnet *gjeldkarve* kan kome frå bøker, men er og gamalt mange stader (Voss).



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Hundekjeks

(*Anthriscus sylvestris*)

Kjenneteikn:

Hundekjeks blir 50–150 cm. Planta har ein innhul og sterkt ribba stengel. Blada er sterkt oppdelte og trekanta i formen. Hundekjeks har kvite små blomar samla i skjermar. Blømer i mai–juli. Kan forvekslast med karve og gjeldkarve sidan blomestanden er svært lik. Men både bladforma og fruktene (som er svarte og langsmale hjå hundekjeks), skil den frå dei to andre artane (sjå bilete). Hundekjeks vert rekna som litt giftig.

Veksestad og skjøtselkrav:

Hundekjeks veks gjerne i område med god tilgang på næring og har no spreidd seg kraftig i brakklagte engareal. Den har også vorte dominerande i vegkantar og andre kantsoner, som tidlegare vart slått. Vanlege veksestader er skogkantar, vegkantar, slåtteeng, beitemark, langs bekkar og på skrotemark. Det er ikkje ynskjeleg med store mengder hundekjeks i kulturmark, så ofte bør det setjast inn ekstra tiltak mot den. Tidleg slått og slått fleire gonger (3–5 gonger) i sesongen kan vere aktuelt.

Dialektnamn i regionen:

Hundekarve (Forsand, Stjernerøy, Suldal, Åkra, Etne, Røldal). *Hundesløyke* (Fjaler, Gaular, Gulen, Solund), *hundsloya* (eller *honda-*, *-sløgja*).

Andre tradisjonar:

Nokre stader vart hundekjeks nytta som kalenderplante: «Når den blomstret (Jølster, Vik) eller var avblomstret (Balestrand), måtte ein ta til med slåtten».



Den vart også nytta i barneleik: «Guttene brukte den som tømmer og kappet dem opp på kalla *sager*, som de laget i bekkene. Så handlet de med tømmeret, og skjelingsgraset skaffet penger. Sagladet var en blekkplate som de klippet tenner i kanten på» (Gloppen). «Barn kunne lage *tobakspipe* av en uthult hestekastanje med pipestilk av hundekjeks» (Stavanger).

Utbreiing på Vestlandet:

Hundekjeks er vanleg i kulturlandskapet og langs vegkantar i heile regionen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Augnetrøst *

(*Euphrasia* spp.)

Kjenneteikn:

5–25 cm. Opprette stenglar med tanna blad. Kvite eller lysfiolette blomar. Blømer i juli–september. Dei ulike augnetrøstartane er vanskelege å skilje frå kvarandre.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på ugjødsla kulturmark som slåtte- og beitemark, lynghei, vegkantar, langs stiar og i (beita) skog. Nokre artar veks også i myr og i rasmark. Augnetrøst-artane går sterkt attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve vert teke vare på av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

«Auetrøst er et gammelt navn i målforet» (Eid). *Augnegras* (Masfjord, men neppe eit gamalt namn). *Åmegras* (Meland), *Ekteskaps krøllete kranse* (Ullensvang), *fuglaue* (Nord Vågsøy), *Mariaauge* (Sogndal).

Andre tradisjonar:

Augnetrøst er kjent som ei gamal lækjeplante, og vart i all hovudsak nytta mot augesjukdomar. «Den skulle lækje betennelse i augene og vart koka til te og vaska på» (Strandebarm).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

* Skildringa omfattar fleire artar innan augnetrøst-slekta.

Markjordbær

(*Fragaria vesca*)

Kjenneteikn:

5–20 cm. Tredelte (trekobl) blader, tanna blad som er lodne på undersida. Lange utløparar og kvite blomar i mai–juli. Små jordbær.

Veksestad og skjøtselkrav:

Veks helst på noko kalkhaldig mark. Finst i beite- og slåttemark, tørrbakkar, vegkantar og i (beita) skog. Går sterkt attende 25–35 år etter at drifta har stogga. Gode leve-tilhøve vert teke vare på ved beiting samt ved ikkje å gjødsle, men også sein slått er gunstig.

Dialektamn frå regionen:

Jorebær, *joreber* (Bergen, Aurland, Hafslo, Kinn), *jarbær*, eller somme stader *jalbær* (Forsand, Hamre, Masfjord, Ullensvang, Ulvik, Aurland, Balestrand, Eikefjord, Fjaler, Førde, Gaular, Jølster). *Jarebær* (Masfjord, Balestrand, Breim, Fjaler, Gaular, Hafslo, Hyllestad, Kyrkjebø, Leikanger, Vik). *Jærebær*, og sjeldnare *jarbær* (Hamre, Lindås, Meland, Modalen, Røldal, Voss).

Andre tradisjonar:

Flere stader har markjordbær vore rekna for å være bra for helse. «Dei gamle sa at for kvar tri jordbær me åt, fikk me ein ny blodsdråpe» (Hålandsdalen, Strandvik). «De skulle spise dem når de var blodfattige (Balestrand, Vetlefjord). «Når ein åt det fyrste jordbæret, måtte ein ynskje seg det ein helst ville, so skulle ein få det» (Forsand). «Det har også andre steder vært trukket te av bladene, uvisst om det var som medisin» (Aurland). «Jordbærblomster, te mot gulsot» (Aurland)».



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i låglandet og opp til skog-grensa.

Prestekrage

(*Leucanthemum vulgare*)

Kjenneteikn:

20–70 cm. Stengel vanlegvis utan sidegreiner og med tanna, heile blad. I toppen av stengelen sit éin korgblome som har kvite kantblomar med gule blomar i midten. Blømer i juni–august. Kan forvekslast med balderbrå (ikkje skildra), men den har trådsmaale, oppflika blad.

Veksestad og skjøtselskrav:

Prestekragen høyrer ikkje til den opphavelige floraen på Vestlandet, men kom truleg til regionen med grasfrø, då dette kom i handelen frå slutten av 1800-tallet. Den var fyrst og fremst ei engplante, men veks i ulike typar kulturmark, i slåtte- og beitemark, vegkantar, skogkantar og i (beita) skog. Finst mest på ugjødsla mark, men kan også gå inn der det er noko gjødsla. Går attende 10–15 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på av sein slått og ved ikkje å gjødsle. Beiting er også gunstig.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanlegast i indre strøk, men den har dei siste tiåra gått attende mange stader. Går opp til 1220 moh. i Odda.

Dialektnamn frå regionen:

Namnet *prestekrage* i ulike talemåtar er kjent frå heile landet. Meir lokale namn som *kappelan* (Gloppen), *skautakona* («blomen lyser kvitt som skauta konene har til festdrakt», Ullensvang) er kjent frå Vestlandet.



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Andre tradisjonar:

Kom inn med grasfrø, slik som det vert skildra frå Ulvik: «Då dei tok til med den kunstige engi, kunde ein sjå heile bakkar drivande kvite av prestekragen». Høyrer til dei plantene som born kjente aller best, men det vart ikkje alltid skilt mellom den og balderbrå. Den vart fyrst og fremst nytta til spådomsleikar, men også til bukettar og kran-sar. Ein spådomsleik handla om kor langt ein kunne kome med det eine og det andre, som til dømes: «Til bordet - døra - gangen - kirken - alteret - senga» (Breim). Andre gjekk ut på kvein ein skulle gifta seg med «Jomfru - frøken - frue - madam» (Breim, Bremanger).

Smalkjempe

(*Plantago lanceolata*)

Kjenneteikn:

10–50 cm. Smale, lange blad tett saman ved bakken. Blomestenglane har brune og kvite blomeaks i toppen (det er pollenknappene som er kvite!). Blømer i mai–august. Kan forvekslast med dunkjempe og groblad, men desse har breiare blad.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i slåtte- og beitemark, kystlyngheiar og i vegkantar. Veks også i noko gjødsla eng. Går attende alleireie 3–5 år etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert teke vare på av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Jonsokgras, ofte *jonsokkegras* (Fitjar, Fusa, Herdla, Hålandsdal, Jondal, Kinsarvik, Kvam, Kvinnherad, Stord, Strandebarm, Strandvik, Tysnes, Ullensvang), *jonsokblom* (Fusa, Hålandsdal, Ullensvang). I Odda sa dei: «Eg kjenner namnet, men det er her eit sams namn for dei blomar som stod i bløming ved jonsoktider». *Jonsokkoll* (Selje), *spågras*, *spåblom* (Austevoll), *hårkall* (Eikefjord), *hårdåkko* (Modalen).

Andre tradisjonar:

Å «slå kjemper» har vore ein populære leik hjå gutar over store delar av landet. Smalkjempe vart bruka til dette i kyststroka der den dominerer. «Den ene holdt frem og den andre slog, hver sin gang. Det hjalp å spytte på, kjempa ble seigere da» (Høyland). «Ein kallar den eine mann og freistar um han kan slå hovudet av kona» (Fitjar). «Borni bøyger stylken rundt, stikk han i



Foto: © B. Bele/NIBIO.

munnen og væter godt med sputt so det vert ein *sjå*. Er det mange luftblører på denne *sjåen*, vert det stormfullt brudlaupsver» (Fjaler). «Namnet *hårdokko* truleg fordi borni sleit henne upp med roti og vaska røtene og sa at dei var håret, og planta elles var dokko» (Modalen). Vart lagt under hovudputa St. Hans kvelden: «Kom støvberarane ut i løpet av natta, vart ein gift, elles ikkje (Jondal). «Er den kvit um morgonen, so døyr den som spyr, fyrr neste jonsok» (Alversund).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyst- og fjordstrøka i heile regionen.

Kvitkløver

(*Trifolium repens*)

Kjenneteikn:

10–40 cm. Krypande stengel som slår rot. Trekobla blad som ofte har lyse teikningar og som kjem opp eitt og eitt frå den krypande stengelen. Dei kvite blomane (blomhoved) sit på lange skaft, og kan ein sjeldan gong være rosa. Blømer i juni–september.

Veksestad og skjøtselskrav:

Ulike typar kulturmark som beite- og slåttemark, vegkantar, stiar og (beita) skog. Er kanskje heimleg, men er også svært vanleg som innført fôrplante i fulldyrka eng og i plen. Går attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga. I gamal kulturmark vil beiting, men også slått være gunstig. Sjølv om kvitkløver aukar i mengde ved gjødsling, bør ein ikkje gjere dette i gamle kulturmarker fordi det er uheldig for plantemangfaldet elles.

Dialektnamn frå regionen:

På Vestlandet vart den mange stader kalla *klyver*, eller *kløvrur* (som på Voss). Den fekk ei rekkje lokale namn av di den likna på ost, gamalost eller rømme, til dømes *ostablom* (Klepp, Time), *knostablom* (Bjerkreim), *ramost* (Aurland), *fløytekodla* (Haugesund, Stavanger, Stord). Den vart kalla *rjomekodla* i heile ti av dei gamle herreda i Hordaland. *Pisskodla* (Fitjar) vart den kalla av di den vaks best der det vart pissa. Kjerringtenner vart den også kalla fordi «blomsterstanden er open og sprukken som tennene på ei kjerring som tar til å bli tannlaus» (Balestrand, Leikanger). *Kvitkoll*, *kvitkolle* (Sogn og Fjordane), *kvitknopp*, *kvitknapp* (Sogn og Fjordane), *kvittopp* (Eid, Vik), *søtknapp* (Aurland, Balestrand, Leikanger, Vik). *Kattakoll(e)* (Nord Vågsøy, Selje), *kvithatt* (Leikanger), *søtekru-*



Foto: © B. Bele/NIBIO.



Foto: © B. Bele/NIBIO.

se (Hafslo), *kvisku* (Eid), *solsku* (Davik), *solsnu* (Kinn).

Andre tradisjonar:

Kvitkløveren er næringsrik og rekna som ei av dei beste beiteplantene. «Det var vanleg å samla tre-oska frameetter vinteren og kasta den utover (gjerne visse) engstykker om våren. Då veks det fint med kvitkløver der» (Strandebarm). Den vart også nytta som varsel «Når kvitkløveren tok til å svartne, dvs. bli svart, skulle de så, sa de tidligere her» (Gaular). «Når det er mange kvitkløverbloster, blir det snart regn» (Aurland). Den vart bruka i kransar slik som i Samnanger: «Av

fletteblomar (kløverblomar) flettar dei lange band som dei brukar til halsband, ringar o.a. På Vestlandet er det også mange opplysningar om at barna har ete blomane, som er rike på nektar. Å finne firkløver har dessutan vore lukkebringande over heile landet. «Er me fire og treff på eit firkløver, kan me eta kvar sitt bla og ynkskja tre ting, som går i oppfyllelse, men me må ikkje seia til kvarandre kva me ynksjer» (Haus). «Sauer med firkløver i ulli fekk gå i fred for udyr» (Aurland).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, til opp på snaufjellet.

Engsmelle

(*Silene vulgaris*)

Kjenneteikn:

20–70 cm. Glatt og blågrøn plante. Fleire opprette stenglar saman. Parvis motsette og avlange blad. Kvite blomar med stort, oppsvulma, hinneliknande beger. Blømer i juni–august. Kan forvekslast med strandsmelle (mindre og krypande plante, har små blad og veks på havstrender). Liknar og den kvite varianten av jonsokblom (men den har håra stengel og blad).

Veksestad og skjøtselskrav:

Er truleg ein innført art som har vorte bufast. På frisk og næringsrik mark. Veks i slåtte- og beitemark, skogkantar, vegkantar og på skrotemark. I gamal kulturmark vil beiting og slått være gunstig. Sjølv om engsmelle aukar i mengde ved gjødsling, bør ein generelt ikkje gjere det i gamal kulturmark, fordi det verkar negativt på plantemangfaldet elles.

Dialektnamn frå regionen:

Smedlegras, *smedleblom* (i deler av Rogaland og storparten av Hordaland og Sogn og Fjordane). *Smedlagras* (dominerande form i Hordaland og Sogn og Fjordane). *Dokke* (Forsand, Granvin), *kone*, *kåne*



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.



(Stavanger), *prestekona* (Bømlo, Kvam), *prestekjerring* (Fusa), *skautekona* (Odda). *Gustegras*, *gustagrass* (Hafslo, Sunnfjord), *alveldgras* (Kinn).

Andre tradisjonar:

Engsmelle vart nytta i leik, anten ved å smelle begeret (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane) eller ved å lage dukke av blomen (Rogaland, Hordaland). Var og nytta som lækjeplante: «Var ein av dei kraftigaste lækjeplantane mot mangeslags sykja» (Aurland). «*Gustagrass* brukt for sår munn» (Hafslo). «Mot alveld brukte dei log av *alveldegras*. Logen kunde ein drikka» (Kinn). «Underlig har det noen steder vært tro at denne planten er giftig» (Alversund).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til skoggrensa. Av og til kan den også vekse over skoggrensa.

Grov nattfiol

(*Platanthera montana*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Har to store blad ved bakken, der det eine bladet oftast er mykje større enn det andre. Blomane er grønkvite og har ein lang spore. Pollenknappane står på skrå mot kvarandre. Blømer i juni–juli. Luktar godt (særleg i mørkret). Kan lett forvekslast med nattfiol (men nattfiol har omlag jamnstore blad og pollenknappar som står parallelt, ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks mest på noko kalkrik mark. Finst i slåtte- og beitemark, vegkantar, lyngheiar og beita skog. Aukar vanlegvis i mengde dei fyrste åra etter at drifta har stogga, men går sterkt attende etter 25–35 år. Gode levetilhøve vert halde oppe av sein slått og ved ikkje å gjødsla. Beiting er også gunstig. Vårbeiting i slåttemark var vanleg dei fleste stader på Vestlandet, men kan redusere bestanden av fleire orkidéartar.

Dialektnamn frå regionen:

I folketradisjonen vart det vanlegvis ikkje skilt mellom dei to artane nattfiol. *Mariarokk* (frå mange gardar, Time).

Utbreiing på Vestlandet:

Nokså vanleg i kyst- og fjordstrøka.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Mjødurt

(*Filipendula ulmaria*)

Kjenneteikn:

50–150 cm. Har krypende rotstokkar og kan difor danne store og tetteste bestand. Opprette stenglar med mange blad. Blada er samansette av 3–5 par finnar med ein større og treflika endefinne. Har ein stor blometopp med mange små og kremkvite blomar. Blomane luktar sterkt. Blømer i juni–august.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i fuktig og på næringsrik grunn. I slåtte- og beitemark, samt i sumpar, sumpskogar, langs bekkar og grøftekantar. Aukar vanlegvis kraftig i ein attgroingsfase og ved auka tilførsel av gjødsel. Det er ikkje ynskeleg med store mengder mjødurt i kulturmarkene, og den bør haldast i sjakk ved beiting eller slått.

Dialektnamn frå regionen:

Namnet mjødurt er mykje bruka og kjent både frå bøker og skuleundervisninga. Frå Vestlandet finst det likevel mange lokale former og variantar av namnet. *Mjørt*, *mjurt*, *mjaourt*, *mjorta*, og sjeldnare også *mjøært* og *mjortegras* (Alversund, Bruvik, Hamre, Haus, Hosanger, Masfjorden, Modalen, Os, Strandedarm, Voss, Åsane, Askevoll, Aurland, Bru, Eid, Fjaler, Gulen, Hafslø, Solund, Eid). Andre namn på denne planten er *meurta*, *meurt*, *mort*, *meorta*, *meurtegras* (Granvin, Jondalen, Kinsarvik, Odda, Røldal, Ullensvang, Ulvik, Balestrand). *Miurt* (Leikanger, Sogndal). *Murtegras* (Kvinnherad), *mjort*, *mijort* (*e*, *i*) (Hålandsdalen, Balestrand, Fjaler, Gloppen, Jølster, Leikanger, Stryn, Vik). *Mejorte*, *mejorta*



Foto: © B. Bele/NIBIO.

(Granvin, Davik, Førde, Gloppen, Jølster). *Myjort* (Jølster), *mejortegras* (Bremanger, Davik, Eid, Hornindal). *Myjort(e)* (Jølster). *Mjøvert* (Haus), *mjøverta* (Hamre).

Andre tradisjonar:

Mjødurt vart bruka til å koke te av (Luster), ein skikk som vart teken opp att under 2. verdskrig. Den vart også brukt i brennevin «visstnok kun for smakens del» (Balestrand). Når dei koka dravle, skulle den ha same fargen som blomane til mjødurt (Stryn). Frå Jølster er det gjeve opplysningar om at den vart bruka som eit mildt afrodisiacum: «gjentene skulle ta avkok av blada eller blomane av mjødurt og gjeve guten sin når han ikkje ville frie».

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, heilt opp i snaufjellet.

Bringebær

(*Rubus idaeus*)

Kjenneteikn:

50–150 cm. Opprett busk med fine tornar. Står ofte i tette bestand og spreier seg med rotskot. Blada er finna (2–3 småbladpar) eller tre-kopla, og filthåra på undersida. Har kvite blomar (på fjorårsskote). Blømer i juni–juli og set mogne bær i juli–august.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på stader med god tilgang på næring, og er ein svært vanleg art i attgroande kulturmark. Også vanleg i engkantar, vegkantar, hogstflater og næringsrik lauvskog. Det er ikkje ynskjeleg med store mengder bringebær i gamal kulturmark.

Dialektnamn frå regionen:

Bringebær (Kinsarvik, Odda, Ulvik, Aurland). *Brangn(e)bær*, sjølv planten *brangn* (Hornindal, Innvik, Nord Vågsøy, Stryn), *brognebær*, *brogn* (Nord Vågsøy, Dalsfjord). *Brombær* (Modalen), *branglebær* (Gloppen).



Andre tradisjonar:

Blada vart mange stader bruka til te. «Skikken er truleg kome frå bøker, men var bruka for ca. 60 år sidan». «Når bringebæri (ville) er mogne, er det skurtid» (Balestrand).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til 1330 moh. i Ullensvang.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Groblad

(*Plantago major*)

Kjenneteikn:

5–30 cm. Eggforma blad i rosett som er trykte ned mot bakken. Langt og smalt, brunt til lyseraudt blomeaks. Blømer i juni–september. Kan forvekslast med dunkjempe (er ikkje skildra), sjå eiga skildring for smalkjempe.

Veksestad og skjøtselskrav:

Vanleg på mager og hardtråkka jord, og er truleg eit innført ugras på dyrka mark. Pollen frå groblad er kjent frå Vestlandet heilt attende til 13 000–12 500 før notid (BP). I gamal kulturmark er den knytt til vegar og stiar, men finst også elles langs ferdsevsvegar. Går attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga og forsvinn ofte etter 10–15 år. Gode levetilhøve vert halde oppe av beiting og tråkk, men det er ikkje ynskeleg med store mengder groblad i beiteområda.

Dialektnamn frå regionen:

Boknamnet *groblad* har no i stor grad fortrent dei gamle lokale namna. *Groblokke* (Bjerkreim, Aurland). *Lækjesblad* (Fitjar, Fusa, Balestrand, Vik). *Lækjingeblad* (Gaular). *Lækjesblokke*, ofte også *lækjesblokka* (Granvin, Kinsarvik, Ullensvang, Ulvik, Aurland), *lækjesblokko* (Voss).

Andre tradisjonar:

«*Legjeblokke* kunne stansa blod. Oversida inn mot såret». «Ei gamal som forstua handa, la *lægjeblokke* på (ca. 1900)» (Nærbo). «På svudle» (Fitjar). «Stakk hol tett i tett i lækjebladet og la det på sår og svullar. Då trakk materien seg ut gjennom holi» (Etne). *Lækjebla* nytta enno



Foto: © B. Bele/NIBIO.

til medisn, især av borni om dei skrubbar eller skjær seg litt» (Hålandsdalen). «Især på gnagsår» (Jondal). «Til å grøda sår og til å stogga blod med» (Modalen). «Rullast mjuke millom hendene og vart lagde på sår» (Aurland). «Brukt på svudlfing. De skulle gni bladet så det ble mykt, og trekke ut trevlene (trivladn) (Balestrand, Vetlefjord).

Utbreing på Vestlandet:

Vanleg i busette strøk i heile regionen, også oppover i fjelldalane.

Fjellmarikåpe

(*Alchemilla alpina*)

Kjenneteikn:

5–20 cm. Opdelte blad med 5–7 smale flikar. Blada er snaua på oversida og sølvglinsande på undersida. Små gulgrøne blomar som sit i små, tette knippe. Blømer i juli–august.

Veksestad og skjøtselskrav:

Mest vanleg på kalkfattig og noko tørr mark. I beite- og slåttemarkar og på naturleg opne veksestader som fjellheiar, berghyller og snøleier. Gode levetilhøve vert halde oppe av beiting og av at det ikkje vert gjødsla. Sein slått er også gunstig.

Dialektnamn frå regionen:

Fresmegras (Jølster), *flismegras* (Kinn).

Andre tradisjonar:

Mot flisme eller fresme, svull som går like inntil beinet (nokre stader bruka på same viset som lækjeveronika). «Planten ble kokt til omslag» (Jølster). «Til grautomslag» (Kinn).



Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg både langs kysten og i fjellet, i heile regionen. I bratt vestlands-terreng kan fjellmarikåpe verte spreidd med ras og fallvindar frå fjellet og ned i låglandet. Difor er den stadvis vanleg også i lågare strøk.



Alle foto: © B. Bele/NIBIO.

Andre marikåpe- arter

(*Alchemilla* spp.)

Kjenneteikn:

Desse marikåpe-artane har store, runde til nyreforma blad med tenner i kanten. Dei er svært vanskelege å artsbestemme, og aller helst bør ein ha både blad, stenglar og blomar eller frukt for å finne artsnamnet. Den gruppa av marikåper som er vanleg i kulturmark har vanlegvis utståande hår på stengelen. Blomane er små og gulgrøne, og sit i tette knipper. Blømingstida er i juli–august.

Veksestad og skjøtselkrav:

Fleire av marikåpeartane er vanlege og karakteristiske innslag i slåtte- og beitemark. Nokre av dei går også inn i gjødsla eng. Gode levetilhøve for dei marikåpeartane som høyrer heime i slåtte- og beitemark vert halde oppe av sein slått eller beiting og av at det ikkje vert gjødsla.

Dialektnamn frå regionen:

Namnet *marikåpe* er kjent over heile landet, og på Vestlandet (mest nord for Hordaland) var det i bruk allereie før det vart kjent gjennom skulebøkene og oppslagsverk. Andre lokale variantar er *marikaopa* (Voss, Sogn), *kåpegras*, *kaopegras* (Voss, Sogn, Vik), *maristakk* (Jondal, Kvam, Strandebarm, Jølster) *maristakk* (Os), *Jomfrustakk* (Jølster). *Fedlestakk*, som er eit plissert skjørt vart den også kalla fleire stader (Granvin, Kinsarvik, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik). *Fedlestakkgras* (Kvam). *Kytetrøya* (ei kort trøye som er rynka i ryggen) var eit anna lokalt namn for marikåpe (Kvam). Den vart også kalla *rykkjestakk* (eit



Foto: © B. Bele/NIBIO.

slag plissert skjørt som var vanleg å bruke på bygdene omkring 1860-70 åra) (Hamre). *Rukkedos* (Aurland), *våthatte* (Førde).

Andre tradisjonar:

Marikåpe har vore mykje bruka som lækjeplante, slik det er vanleg for planter som har namnet sitt etter Jomfru Maria. Det er likevel ikkje gjeve konkrete opplysningar om den som medisinplante på Vestlandet. «Marikåpe hørte med til fargeplantene i eldre tid, noe som det enda kan finnes minner om» (Gaular). «Av vassdråpene på bladene ble det tatt varsel om været» (Jondal).

Utbreiing på Vestlandet:

Breiblada marikåper finst både langs kysten og opp i fjellet.

Marinøklar *

(*Botrychium spp.*)

Kjenneteikn:

3–15 cm. Små gulgrøne, blomelause planter med oppdelte, flika blad. Formen på bladflikane er viktig for å skilje dei ulike artane innanfor marinøkkelsekta. Gul-grøn sporestand i juni–august. Plantene er vanskelege å få auge på fordi dei er små og går i eitt med gras og andre blad.

Raudlistestatus (2015):

Fleire av artane er trua: Handmarinøkkel (*B. lanceolatum*) er sårbar (VU), haustmarinøkkel (*B. multifidum*) er sårbar (VU), huldrenøkkel er kritisk trua (CR), dvergmarinøkkel er sterkt trua (EN). Desse er trua fyrst og fremst fordi leveområda forsvinn når slåtte- og beitebruken stoggar.

Veksestad og skjøtselskrav:

Mest vanleg på kalkhaldig grunn. I ulike typar slåtte- og beitemark, setervollar, (beita) skog og heiar i fjellet og langs kysten. Alle artane er gode indikatorar på gamal kulturmark, og går attende allereie 3–5 år etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve vert teken vare på av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Marinøklane finst spreidd i regionen, men er i stor grad knytt til stølsområda.

*Skildringa omfattar fleire marinøkkel-antar



Marinøkkel. Foto: © B. Bele/NIBIO.



Fjellmarinøkkel. Foto: © B. Bele/NIBIO.

Gulaks

(*Anthoxanthum odoratum*)

Kjenneteikn:

10–50 cm. Gras som veks i tuver. Dei nedste blada er lange og flate. Blada på strået er korte og går mot grågrønt i fargen. Har hår på bladslirene. Stråa har eit aks som er 2–5 cm langt. Akset er fyrst grønt, men gulnar tidleg på sommaren. Det får ei sterk og god lukt av nyslått høy. Blømer i mai–juni. Kan forvekslast med fjellgulaks (som blir 10–25 cm og har eit noko kortare aks, ikkje skildra).



Veksestad og skjøtselskrav:

Er svært vanleg i ulike typar kulturmark. I slåtte- og beitemark, (beita) skog, lyngheiar og vegkantar. Kan også vekse i noko gjødsla eng. Aukar gjerne sterkt i mengde dei fyrste 3-5 åra etter at drifta har opphøyr, men går så attende. Gode levevilkår på lang sikt vert opprethalde ved slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.



Andre tradisjonar:

Namn som vart nytta både om gulaks og andre artar når dei vart nytta i spådomsleikar: *friargras*, *ungkarsgras* (Gaular), *friarstrå* (Bremanger), *gjentestrå*, *gentegras*, *frettestrå* (Masfjord), *kjærestegras* (Os). *Lukkestrå* (Forsand), *spaogras* (Balestrand).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i låglandet og dalføra i heile regionen.



Alle foto: © B. Bele/NIBIO.

Engfrytle

(*Luzula multiflora* ssp. *multiflora*)

Kjenneteikn:

10–40 cm. Halvgras med flate blad, oftast med spreidde lange hår i kanten. Rette og stive strå som vanlegvis står fleire saman. Fleire små brune-brunsvarte eller omlag kvite blomehovud tett saman. Blømer i mai–juni. Rund brun-brunsvart kapsel i fruktstadiet. Kan forvekslast med andre frytleartar (ikkje skildra).

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks i ulike typar kulturmark. I tørrbakkar, slåttemark, beitemark, vegkantar og i (beita) skog. Aukar gjerne sterkt i mengde dei fyrste 3–5 åra etter at drifta har stogga, men går sidan attende. Gode leve-tilhøve vert sikra av sein slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Dialektnamn frå regionen:

Bjørneklo, bjødnaklo (Sæbø), kattaklo (Eid).

Andre tradisjonar:

Vart bruka som kalendermerke. «Ein sort bakkegras med brun topp, bjørneklo, når ein kan snu det ein gong rundt lillefingeren, er det tid å sleppa kyrne ut» (Sæbø). Også nytta av born i leik «En fører med to fingrer etter strået og knekjer safta til ein dråpe i enden. De to som er med på leiken gjør det same og holder dråpene i hop. Den som kan få begge dråpene på sitt strå, har vunne» (Eid).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i låglandet og i dalføra i heile regionen.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Sølvbunke

(*Deschampsia cespitosa*)

Kjenneteikn:

40–100 cm. Opprette strå i tette, store tuver. Blada er flate, ihoprulla og rue på oversida. Stor, open, fiolett-grøn topp. Blømer i juni–juli.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks mest på fuktig mark. I slåttemark, beitemark, open (beita) skog, sumpskog, vasskantar og vegkantar. Vanleg også i dyrka og gjødsla eng. Eit visst innslag av sølvbunke tuver er vanleg i mange typer gamal kulturmark, men den kan bli svært dominerande der næringstilgangen er god og beitetrykket er for lågt. Beitekvaliteten er dårleg i låglandet, så det er ikkje ynskeleg med store mengder sølvbunke i kulturmark der. I fjellet har sølvbunken betre beitekvalitet og utgjer eit verdifullt beitegras, fordi kiselinnhaldet i blada er lågare.

Dialektnamn frå regionen:

Punt (Forsand, Nærbø, Vik), *pontgras* (Nærbø), *puntastrå*, *puntagrass* (Voss, Vossestrand, Vik). *Funt*, *funtagrass*, *funtastrao*, var i Aurland eit fellesnamn for gras som blømer i topp. I Balestrand, Hafslo, Luster vart desse namna nytta om stive, tuva grassortar som var tunge å slå med ljåen. Namn som *sylvstrå*, *sølvgras*, *silkjestrå* var også vanlege på Vestlandet. Namna *skjæregras* eller *skjæregras* sikter til at blada er svært skarpe i kantane og lett å skjære seg på (Skjold, Haus, Modalen, Aurland, Balestrand, Fjaler, Gloppen, Jølster). *Tubba*, *tobba* (Lærdal, Vik) eller *tubbor* (Vik). *Tobbagrass* (Jondalen), *skjeregrastoppe* (Gaular), *funtastubbe*, *funtatubbe* (Luster). Vidare også *stolpagras* (Indre Hardanger), *stuvgras* (Hamre).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Dunhavre og enghavre

(*Avenula pubescens* og *A. pratensis*)

Kjenneteikn:

30–120 cm. Store grasartar som liknar mykje på kvarandre. Dunhavre er ofte den største av desse to artane, og blir 50–120 cm. Stråa står i lause tuver. Blada er flate eller noko renneforma og er grøne, mjuke og håra. Hjø dunhavre er også nedste delen av strået fint «dunhåra». Toppen er smal til open med mange småaks. Enghavre har stive og grove strå (30–60 cm), som står i tette tuver. Blada er blågrøne, ihoprulla og stive. Toppen er smal med nokre få store småaks. Dunhavre blømer i mai–juni, enghavre i juni–juli.

Veksestad og skjøtselskrav:

Begge artane veks helst noko tørt og på kalkhaldig grunn. Dunhavre finst i slåtte- og beitemark, sandmark langs kysten, (beita) skog og i vegkantar. Enghavre er noko austleg og veks mest i tørrbakkar og i beitemark. Begge artane aukar ofte i perioden etter at drifta har stogga opp, men vil gå sterkt attende etter 25–35 år. Ein tek vare på gode leve-tilhøve på lang sikt ved beiting og slått, samt ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Dunhavre er spreidd til vanleg i regionen, enghavre mest i dei nordlegaste delane av regionen.



Dunhavre. Foto: © B. Bele/NIBIO.



Den nederste delen av strået til dunhavre er håra. Foto: © B. Bele/NIBIO.

Bleikstorr

(*Carex pallescens*)

Kjenneteikn:

20–60 cm. Halvgras som står i små glisne tuver. Stråa er kvasstanna og rue øvst. Bleike gulgrøne aks (eit hanaks og 2–4 tette og avlange hoaks). Blømer i juni–juli. Kan forvekslast med andre storrartar, men skil seg ut med dei typiske ljosegrøne aksa.

Veksestad og skjøtselskrav:

Er svært vanleg i gamle kulturmarker og har truleg vorte spreidd ved hjelp av husdyr. Veks i slåtte- og beitemark, i (beita) skog og skogkantar. Gode levetilhøve vert teke vare på ved sein slått, beiting og ved å ikkje tilføre gjødsel.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, opp til 1200 moh. i Ulvik.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Hjartegras

(*Briza media*)

Kjenneteikn:

20–50 cm. Gras med korte og flate blad i lause tuver. Stråa er opprette og spinkle. Toppen er greina med hengjande små hjarteforma aks som sit på tynne skaft. Blømer i juni–juli.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks på kakhaldig mark. I slåtte- og beitemark, samt i kantsoner. Går ut raskt (etter 3–5 år) etter at drifta har stogga opp. Gode levetilhøve vert halde oppe ved slått, beite og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Er ikkje ein vanleg art i regionen, men har ei viss utbreiing i Hardanger og i sørlege delar av Ryfylke. Finst også i dei ytre kyststrøka frå Bergen og sørøver.

Dialektnamn frå regionen:

Bevende hjerter. *Hjartestrå* (Hålandsdal, men truleg eit konstruert namn).



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Raudsvingel

(*Festuca rubra*)

Kjenneteikn:

15–90 cm. Veks i matter og er grågrønt i fargen. Opprette strå, der nedste del ofte er noko raudfarga og håra. Blada er smale og vanlegvis ihoprulla. Eit ope eller smalt aks, ofte raudfiolett. Blømer i juni–juli. Ein svært variabel art, som lett kan forvekslast med andre svingelartar.

Veksestad og skjøtselskrav:

Eit svært vanleg gras i ulike typar kulturmark, i slåtte- og beitemark, strandenger, vegkantar og beita skog. Kan også gå inn i oppdyrka og gjødsla eng. Gode levetilhøve vert halde oppe av slått, beiting og ved ikkje å gjødsle.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.



Foto: © E. Michaelsen.

Knegras

(*Danthonia decumbens*)

Kjenneteikn:

10–40 cm. Grågrønt gras som står i tette tuver. Stråa er ofte knebøygde ved basis. Blada er stive og rue med lange hår. Dei nedste blada er samanrulla. Eit smalt aks med opprette greiner og nokre få, stive og blanke småaks. Blømer i juni–juli. Har få forvekslingsartar.

Veksestad og skjøtselskrav:

Veks ofte på mager mark, både kalkhaldig og kalkfattig. I tørre og lysopne skogkantar, i beitemark og kystlyngheiar. Går raskt attende

(etter 3–5 år) etter at drifta har stogga. Gode levetilhøve vert best halde oppe ved beiting. Også slått og ingen tilførsel av gjødsel er gunstig.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg langs kysten og i midtre fjordstrøk.



Foto: © E. Michaelsen.

Englodnegras

(*Holcus lanatus*)

Kjenneteikn:

30–70 cm. Små tuver med tjukke, lodne strå. Breie, flate blad som har håra bladslirer. Lubben topp som er grågrøn til fiolett. Blømer i juni–juli det andre leveåret. Kan forvekslast med krattlodnegras (som ikkje har lodne strå, berre håra leddknutar).

Veksestad:

Sørleg–vestleg art som veks på ulike jordtypar. Finst i ulike typar kulturmark som beite- og slåtte-mark, lynghei, strandeng og vegkantar. Kan også gå inn i dyrka og noko gjødsla eng (har tidligare vore dyrka). Aukar ofte i mengde etter at drifta har stogga opp og går attende fyrst i sein attgroingsfase, etter 25–35 år. Har gode levetilhøve på lang sikt ved beiting og slått og ved lite eller ingen gjødsling.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyststrøka.

Dialektnamn frå regionen:

Gosengras (Bruvik).



Foto: © L. Hauge.

Blåtopp

(*Molinia caerulea*)

Kjenneteikn:

15–90 cm. Blågrønt gras i tette tuver. Stråa er laukforma ved basis, og har kun ein leddknute som sit langt nede på strået. Den nedste delen av strået vert ståande att som ein stiv pinne når resten av strået knekk av om hausten. Blada er noko håra og slakke, om lag 5 mm breie og spisse. Toppen er smal og mørk fiolett. Blømer i juli–august.

Veksestad:

Veks mest på fuktig og mager mark. I slåtte- og beitemarker, fukthei, skog, myr, vasskantar og grøfter. Aukar like etter at drifta har stogga opp, men vil gå attende i ein sein attgroingsfase, etter 25–35 år.

Dialektnamn frå regionen:

Folk har lagt merke til dette graset og gjeve den namnet *leløyse* (den som ikkje har ledd), mellom anna i Gloppen og Jølster. *Storr* vart bruka i vid betydning, også om denne arten (Suldal, Balestrand), *sprettestorr* (Aurland). *Flis*, *flisagras* (Kinsarvik, Kvam, Odda, Ulvik, Voss, Hardanger).

Andre tradisjonar:

På Vestlandet har den vorte bruka som fôr. «Det var mykje *leløyse* i skreda. Der slår de den til vinterfôr til kyrne og tar den ned på streng» (Gloppen). I Granvin vart det mjuke, tørre fjorårsgraset sankt om våren, og lagt under sauene i lamminga.

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen, går opp til 1330 moh. i Ullensvang.



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

Einstape

(*Pteridium aquilinum*)

Kjenneteikn:

50–150 cm. Store trekanta, 2–3 gonger finna (oppdelte) blad på opprette, stive bladskaft. Står i tette bestand og spreier seg ved hjelp av krypende jordutløparar. Er svært ømfintleg for frost og gulnar allereie etter fyrste frostnatt om hausten. Spreier seg ved hjelp av sporar.

Veksestad:

Er ein karakteristisk attgroingsart i kystnære strøk, som kan danne svært tette bestand. Ein vanskeleg art å hanskast med på areal der den tek overhand, og vert ofte kalla ein problemart i samanheng med skjøtsel av kulturmark. Det har vist seg at slått 2–3 gonger i sesongen er det som fungerer best for å redusere tette bestand av einstape. Den er noko giftig både for hest og drøvtyggjarar og vert vanlegvis ikkje beita.

Dialektnamn frå regionen:

Einstabbe, *einestabbe* (Klepp, Sauda, Sokndal, Hordaland, Sogn og Fjordane). *Innstabbe* (Fitjar), *einstabø* (Forsand). *Stabbeblom*, *stabb-blom'e* (Jølster), *blomstabbe* (Naustdal).

Andre tradisjonar:

«*Einstabbe* sankes til hjelpefør» (Eid). «*Stabb-blom* slo dei og turka før blommen træna» (Førde). «*Stabbeblomen* et ikkje krøtera» (Jølster). «Til for 50 år siden (skrevet i 1950-årene) brukte dei å skjæra einstape tidleg på sumaren, turka den i hesjer og hadde den i hus. Om vinteren vart den hakka og brukt som sørpefør. Dette vart rekna for simpelt før, dersom ein ikkje hadde litt mjøl å strø over med.



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Var ikkje nytta under siste verds- krig» (Leikanger). «*Stabbeblomen* samlar me inn til underbreitle i lag med mose og lauv» (Jølster). «*Stabbeblom* nytta dei visst berre til underbrøytsle for sauene før ein fekk klippe dei, nyvaska» (Jølster). «Sengefør mot lopper» (Vik). «Turt *ormagras* i senga mot gikt» (Sauda). «Til underlag under sau, gris og kalv tar man *einestabbe* når den gulner om høsten. Den suger til seg vand, og gjør det lettere å smuldre gjødselen, og så smuldrer den bort på marken så en slipper å rake rein marken etter gjødslingen» (Selje). «Likesom andre store bregner er også einstape blitt brukt til takverk på hus» (Hafslø).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen.

Stornesle, brennesle

(*Urtica dioica* ssp. *dioica*)

Kjenneteikn:

50–200 cm. Særskilte han- og høplanter med opprette, ugreina stenglar. Har underjordiske utløparar og veks ofte i tette bestand. Mørkegrøne blad som er grovt tanna. Mange, lange brennhår. Små, grøne blomar som sit saman i blad-hjørna. Blømer i juli–september.

Veksestad og skjøtselkrav:

Vanleg på næringsrike stader. Som ugras mellom anna i vegkantar og i beitemark med god tilgang på nitrogen. Kan opptre i store mengder på stader der det til dømes vert tilleggsføra med rundballar eller ved kvilestader der dyra oppheld seg mykje.

Dialektnamn frå regionen:

Netla (Finnøy, Sauda, Masfjorden), *brennetla*, *brednetla* (Askøy, Haus, Bergen). *Brænn-netler* i fleirtal. *Brennutla* (Sauda), *brennenotla*, *notla* (Stjernaøy), *brennenotle* (Forsand). *Brennenot* (Ho), til dels *brednenot* (SF). *Brennenat* (SF), *breidnnauta* (Hamre).

Andre tradisjonar:

Planten er svært næringsrik, og folk har difor nytta den som førlante. «Holdtes for godt fôr til kua» (Strandebarm). «Blir slått, tørket, senere hakket saman med halm og gitt til kyrne» (Vik). Den vart også nytta som medisinplante (Ro, Ho, SF), og spesielt mot gikt. «Med *brennenota* skulde ein piska slike som var námne, lamme. Her lever endå folk som har brukt denne råda mot poliomyelitt» (Aurland). «Te av *brennenot* og kjerringrokk» (Selje). I Hordaland og Sogn og Fjordane



Foto: © B. Bele/NIBIO.

vart den også nytta som medisin til husdyr. «Mot hagesott» (Hamre). »Ein kokar planten i vatn og gjev det heile til kyrne når dei ikkje vert av med etterburden» (Tysnes). «*Brennenota* skulde ein stikka i røvi på kyr som ikkje fekk pissa, hadde turka» (Aurland). «Det ble sagt at man ikke skulle brenne det som var grønt, for da fikk kuene *brændesår*. Fikk kuene slike sår, vasket de dem med logen av *brennesla*» (Gaular). «Den som rullar seg naken gjennom *brennenotet* jonsokdag for sola sprett, han skal ha lukka med seg i livet» (Davik). «I Jølster finnes det fremdeles levende tradisjon om at den er blitt brukt til renning i åklær». «*Brennenota* vart ogso nytta i staden for lin. Dei telgde henne og spann henne på same måten. Den siste eg hev høyrte som spann *brennenota* var mor til smeden Lars Ljone» (Ulvik). «Til farging har dei brukt *brennenota*» (Kinsarvik).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i heile regionen. Opp til 1230 moh. i Eidfjord.

Einer

(*Juniperus communis*)

Kjenneteikn:

Busk eller lite tre med smale, kvasse blad. Små blomar som vert lagd lite merke til. Blømer i mai-juni. Einebæret er grønt det fyrste året og gråblått det andre året.

Veksestad:

Veks gjerne på næringsfattig grunn. I beitemark, lyng- og fjellheiar og i (beita) skog. Spreier seg gjerne sterkt i ein tidleg attgroingfase etter at drifta har stogga opp. I attgroande lynghei vert einer dominerande og gjer tilgongen på brennbart plantemateriale høgt. Einer er ljuskrevjande og vil difor bli skugga ut når skogen etter kvart lukkar seg ved attgroing. Einer er eit typisk innslag i gamal beitemark, men det er ikkje ynskeleg med altfor mykje av den fordi den reduserer beiteverdien.

Dialektnamn frå regionen:

Det gamalnorske namnet på einer var *einir*. I ulike variantar (*einer*, *eine*) er dette framleis i bruk. Dette eldste namnet er fleire stader dekt over av nyare namn som *brakje* og *sprakje* (frå Nord-Hordaland til nordsida av Sognefjorden). *Brakje*, *bragje* og *brake* er mest bruka i sør og *sprakje*, *sprake* er mest bruka i dei nordlege delane av regionen.

Andre tradisjonar:

Eieren har spela ei sær s viktige rolle i folketradisjonen og hadde mange ulike bruksområde. Avkok av bæra vart ofte nytta mot forkjøling og einerbærøl skulle vere bra for sjuke magar. Einerlåg vart nytta til reingjering av golv og trekar, men også til hårvask. Mange stader



Foto: © B. Bele/NIBIO.

vart trevirket av einer rekna for å vere det beste både til gjerdestolpar, kornstaur og hesjestaur. Den vart også mykje nytta til harvetindar, båtnaglar og knaggar. I visse strøk av Vestlandet var det vanleg med einerkledde hus, særleg uthus. Einerbæret vart dessutan nytta til sopelimar og til å skure og skrubbe med. Det vart laga einerkransar til jul, og på Vestlandet vart den ofte nytta som juletre. Finhakka einer vart strødd på gulvet til jul og gravferder. Einerbar vart også nytta som «underbredsle» for husdyra, og særskilt i Hordaland spela eieren ei rolle som før.

Utbreiing på Vestlandet:

Heile regionen, opp til skoggrensa.

Pors

(*Myrica gale*)

Kjenneteikn:

30–80 cm. Ei lita busk med sterk krydderlukt. Har raudbrune greiner. Blada er grågrøne, småhåra og har grove tenner i spissen. Har eigne han- og hoplanter. Blømer i april–mai, før lauvsprett og har opprette raklar.

Veksestad:

Er mest vanleg på næringsfattig grunn, i myrar, myrkantar og vasskantar. Aukar i ein attgroingsfase.

Dialektnamn frå regionen:

Namneformen *pors* er rådande i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. *Post* (spreidd i Bergen).

Andre tradisjonar:

Har mange stader vorte bruka i øl. «Har vært solgt til øl flere steder i Rogaland, dels fordi de brukte den (t.d. sammen med einerhakk, eller halm eller blanding) til å helle brygget gjennom, dette bl.a. i Hjelmeland, hvor de før har laget porsøl» (Hjelmeland). «Eldre folk brukte å legge pors under hodeputen» (Fitjar). Pors vart også teke inn i husa på grunn av den gode lukta. «På de gamle kagedoene hang det ofte noen dusker påst» (Bergen). «Brukt av budeiene på setrene til bukett for luktens skyld» (Strandebarm). Man pyntet også stuene med pors til jonsok (Fjaler). «En blandet hakket ein og hakket pors for å strø på gulvet i helgen» (Alversund).

Utbreiing på Vestlandet:

Er vanleg i kyst- og fjordstrøka.



Purpurraude horaklar under bløminga om våren. Foto: © E. Michaelsen.



Foto: © B. Bele/NIBIO.

Hassel

(*Corylus avellana*)

Kjenneteikn:

2–6 m stor busk eller tre med mange stammar. Blada er breie og hjarteforma eller om lag heilt runde, dei er dobbelt sagtanna og har mjuke hår. Nye skot og bladskaft har karakteristiske raude kjertelhår (liknar knappenåls-hovud). Blømer svært tidleg om våren. Hanblomane sit i gule, hengjande raklar, hoblomane er samla i usjålege små knoppar. Om hausten produserer den hasselnøtter.

Veksestad:

Veks helst på kalkhaldig grunn. Finst i lauveng, (edel)lauvskogar, skogkantar og ur.

Dialektnamn frå regionen:

Hatl.

Andre tradisjonar:

Over heile landet der den veks, har den vorte nytta til gjorder/band på tønner og andre lagga kar. I mange bygder var slike tønnevastavar/band ein salgs- og eksportartikkel. Også hasselnøtter var salgsvare: «Frå Kysnesfjorden kom dei med neter og selde for 40 øre kanna (2 liter) om preikesundagane ikring 1885» (Jølster).

Bløminga hjå hasselen gav folk varsel: «Når det er ei loppa i notæ olsok, dvs. natakjerne stor som ei loppa, vert det godt nataår» (Voss) «Når *hatlen* palmar, dvs. skyt kumar, tidleg, vert det seint år» (Balestrand). «Var det mykje hanblomar på hasselen skulle våren bli kald og sur» (Vik). «Regner det jonsokdagen, vert ikkje netene



Begge foto: © B. Bele/NIBIO.

mogne» (Årdal). «Plukka folk neter om sundagen, skulle det etterpå bli makk i netene på alle hasselrunnene dei hadde vore borti» (Vik). «En skulle bli forkjølet av å spise umodne hasselnøtter» (Vik). Det var også nytta ulike namn på nøtteklasane alt etter kor mange nøtter dei inneheldt: *tvinetla* (to eller tre nøtter, (Granvin), *tvilnetla* (Ullensvang), *tvinitla*, «når tvo neter var samanvakse» (Aurland).

Utbreiing på Vestlandet:

Vanleg i kyst og fjordstrøka i heile regionen.

Alm

(*Ulmus glabra*)

Kjenneteikn:

5–25 m høgt tre med vid krone. Brungrå, oppsprukken bork, og kraftige hovudgreiner. Skyt ikkje rotskot. Store, mørkegrøne blad som som endar i ein spiss. Blada er dobbelt sagtagga, rue og skeive ved bladbasis. Blømer før lauvsprett i april–mai, og har små raude blomar. Har karakteristiske runde og flate frukter med brei vengjekant.

Veksestad og skjøtselskrav:

Mest vanleg på tørr og kalkhaldig grunn. Veks i solvendte varme lier og ur. Gamle styvingstre er verdifulle leveområder for mange artar av sopp, lav, mosar og insekter. Tre som ikkje har vore styva på mange år, bør restaurerast på ein varsam måte slik at dei ikkje tek unødig skade. Hjelp frå personar med erfaring og kunnskap om slik restaurering bør nyttast. Ein må også ta

omsyn til at dette kan vere eit farleg arbeid som krev ekstra sikringsutstyr. Etter restaurering bør slike tre haldast vedlike ved jamleg tilbakeskjering i høve til den lokale tradisjonen.

Dialektnamn frå regionen:

Alm'e (Eikefjord, Fjaler, Førde, Jølster).

Andre tradisjonar:

Både lauv og kvistar av alm vart i stor utstrekning nytta som fôr. Borken vart også nytta som menneskeføde i naudsår. «Vanlig å stripa almeblad til grisen» (Granvin). «Å alma er å hogge alm om våren etter at sevja var begynt å komme. Ble brukt som overgangsfôr til kuene før de ble sluppet ut» (Jondal, Kvam). «Skav av alm til kyrne» (Lindås). «På Voss var almen for verdifull til at de kunne ta bark av den. De rispet lauv hvert år, og styvde hvert 5-6



Foto: © B. Bele/NIBIO.



Foto: © B. Bele/NIBIO.

år» (Voss). «Almen flekket de bastet av, gis til kyr i stedet for høy. Ansees for et godt nødfór» (Aurland). «Det ble ikkje tatt mye almelaub om hausten, men almeris om våren når barken løsnet» (Balestrand). «Borken og finaste kvistane vart malne til mjøl. Sevjelaget vart skave for seg, lagt i vatn, til knavatn, almeseiga, når ein baka flatbrød av byggmjøl, for å få deigen seig» (Aurland). «Til barkebrød i 1807-1814. Den innerste bark haktes fin og maltes saman med kornet til mel» (Suldal, Hålandsdal, Lindås,

Strandvik). »Ein mann som eiger en av de få kvernhus som enda står tilbake, laget almemjøl der under krigen 1914-18» (Kvam). «Almebork var den beste (til fôr). I naudsår vart den bruka til folkemat. Dei turka og mol den og blanda med mjølet» (Masfjord).

Utbreiing på Vestlandet:

Alm er den mest hardføre av edellaugtrea, og har difor ei vid utbreiing. Nokså vanleg i kyst og fjordstrøka i heile regionen.

3. Omgrep

Artsmangfald: Mangfaldet av artar. I denne samanhengen er det oftast nytta om mangfaldet av planteartar.

Beitemark: Område nytta som beite for husdyr.

Beiteplante: Plante som vert føretrekt av beitande husdyr på grunn av høg næringsverdi og/eller at dei smakar godt.

Blomekorg: Tett flatt, halvkuleforma eller kjegleforma blomestand av mange sitjande blomar. Er ofte omgjeve av grønne korgdekkblad.

Dunhåra: Har korte og mjuke hår.

Eng: Vegetasjon dominert av gras og urter. Opphavleg bruka om slåtte-mark.

Feltsjikt: Vegetasjonssjikt av gras, urter og forveda artar som er lågare enn 30 cm, til dømes lyng.

Hagemark (beitehage): Lysopen, tresett kulturmark med eit grasrikt feltsjikt. Vart tradisjonelt nytta til beite, men tresjiktet vart ofte også hausta, anten til fôr eller trevirke.

Hei: Eit ope areal (utan skog) der feltsjiktet er dominert av lyng og stive gras.

Indikatorart: Art med kjente (og vanlegvis snevre) tolegrensar for ein særskild miljøfaktor.

Innmark: Den marka som låg nærast garden og som var inngjerda for å verne marka mot beitande dyr. I dag vert innmark ofte definert som areal som har vorte gjødsla, pløgd, grøfta med meire for å auke produksjonen.

Jordsmonn: Den delen av jorda som er påverka av planterøtene og andre organismar. Det er frå jordsmonnet plantene tek opp næring.

Kalendermerke: Utviklingsstadium til planter eller tegn i naturen som varsla om når det var egna tilhøve for beiting, slått med meire.

Klima: Dei gjennomsnittlege værtilhøva på ein stad.

Kulturing: Fulldyrka eng, pløgd, gjødsla og sådd i.

Kulturlandskap: Eit landskap med spor etter menneskeleg aktivitet, vert ofte bruka om landskap som er forma av tradisjonell jordbruksdrift.

Kulturmark: Areal som er prega av jordbruksdrift og som er dominert av ville plantearter.

Kronblad: Dei blomeblada som vanlegvis er farga.

Kystlynghei: Heirområda langs kysten, er påverka av hogst, lyngsviing, lyngslått og heilårsbeiting av husdyr.

Landskap: Eit meir eller mindre naturleg avgrensa areal som er samansett av ulike naturtypar. Påverka av landformene, naturgitte forutsetningar og langvarig kulturpåverknad.

Leppe: Eit breitt og flatt kronblad, fungerer som landingsplass for insekt.

Naturbeitemark: Areal som vert bruka til beiting, men som ikkje blir slått, gjødsla, pløgd eller sådd i.

Pollenknapp: Ein knappforma del i blomen som produserer pollen. Sit ofte på ein pollentråd.

Restaurering: Førre attende ei attgrodd kulturmark til den tilstanden den hadde då den var i tradisjonell bruk. Vert også bruka om styvingstre og kulturminner.

Rosett: Dei blada som står tett samla nedst på stengelen, ofte trykte mot bakken.

Raudliste: Liste over trua artar som vert jamleg oppdatert (www.artsdatabanken.no)

Semi-naturlege naturtypar: Naturtypar som er påverka av menneskeleg aktivitet som hogst, rydding, beiting, slått, brenning mm. gjennom lang tid.

Skjøtsel: Aktive tiltak (til dømes slått og beiting) som vert gjennomførte jamleg/årleg for å halde oppe ein ønska tilstand i eit område.

Skrapslått (hakkeslått): Ugjødsla og ikkje pløyd mark som helst vart slått med stutturv, til dømes areal med mykje stein og kantar som omkransar åker og eng.

Skrotemark: Område med open jord, grus, pukk, med meire. Areal ved jernbaneliner, anleggs- og industriområde, parkeringsplassar, med meire.

Slåttemark: Areal som jamleg (årleg) vert slått.

Slåttemyr: Område med fuktkev- jande vegetasjon der det vert danna torv. Har over fleire generasjonar vorte nytta til hausting (slått) av vinterfôr.

Snøleie: Eit område i fjellet der snøen ligg lenge utover sommaren, og der vegetasjonen er tilpassa korte vekstsesongar.

Spore: Ein nektarspore hjå planter med insektpollinering. Vert også nytta om formeringseininga hjå sporeplanter (til dømes bregner, marinøklar og kråkefotplanter).

Utmark: Udyrka mark som ikkje er inngjerda og som ligg utanfor innmarka.

Vegetasjonstype: Eining (klassifisering) for plantebestand som har visse fellestrekk (fysisk utforming, artssammensetjing og mengdetilhøve mellom artane).

Vegetativ: Skot eller plante som ikkje blømer eller produserer sporar.

Yngleknopp: Formeiringseining som ofte er omdanna frå små sideskot, blad eller blommar. Dette er ein vegetativ formeiringsmåte.

4. Alfabetisk planteliste

Alm	118	Harerug	82
Augnetrøst	89	Hassel	117
Bakkestjerne	78	Heiblåfjør	51
Bakkesøte	28	Hjartegras	108
Bergmynte (Kung)	44	Hundekjeks	88
Bleikstorr	107	Jonsokkoll	43
Blodstorkenebb	24	Jordnøtt	86
Blåklokke	48	Karve	85
Blåknapp	47	Kattefot	35
Blåkoll	42	Klokkelyng	31
Blåtopp	112	Klokkesøte	49
Brennesle	114	Knegras	110
Bringebær	98	Knollerteknapp	41
Brudespore	18	Krypsoleie	58
Einer	115	Kusymre	70
Einstape	113	Kvitbladtistel	33
Engfiol	54	Kvitkløver	93
Engfrytle	104	Kvitmaure	75
Enghavre	106	Kystblåstjerne	50
Engkarse, vanleg	80	Kystgrisøyre	66
Engknoppurt	45	Kystmaure	76
Englodnegras	111	Kystmyrklegg, vanleg	27
Engnellik	23	Lintorskemunn	68
Engsmelle	95	Lækjeveronika	53
Engsoleie	58	Løvetann	65
Engsyre (matsyre)	56	Marikåpe-artar	101
Engtjæreblom	25	Marinøklar	102
Fagerperikum	71	Markjordbær	90
Firkantperikum	71	Mjødurt	97
Fjellmarikåpe	100	Nyperose/rose	39
Flekkmarihand	20	Nyseryllik	84
Fuglevikke	46	Pors	116
Følblom	63	Prestekrage	91
Geitrams	38	Prikkperikum	71
Gjeldkarve	87	Purpurlyng	32
Gjerdevikke	46	Raud jonsokblom	21
Grasstjerneblom	81	Raudkløver	25
Groblad	99	Raudknapp	36
Grov nattfiol	96	Raudsvingel	109
Gulaks	103	Revebjolle	37
Gulmaure	57	Rome	69
Gulskolm	62	Ryllik	83
Hanekam	22	Røsslyng	29

Skogfiol	54	Svæver	64
Skogstorkenebb	40	Sølvbunke	105
Smalkjempe	92	Sølvmore	74
Småengkall	60	Tepperot	73
Småsyre	56	Tiriltunge	61
Solblom	67	Tusenfryd	77
Stemorsblom (Dag og natt)	55	Tviskjeggveronika	52
Storblåfjør	51	Vanleg arve	79
Stornesle	114	Vårmarihand	19
Svartknoppurt	45		

5. Kjelder

Austad, I. & Hauge, L. 2014. Trær og tradisjon. Bruk av lauvtrær i kulturlandskapet. Fagbokforlaget, 169s.

Bele, B., Thorvaldsen, P. & Grenne, S.N. & Fagerås, K. 2017. Tilråding til generell del for mal til skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap. NIBIO Rapport 3(79).

Bratli, H., Jordal, J.B., Norderhaug, A. & Svalheim, E. 2012. Naturfaglig grunnlag for handlingsplan naturbeitemark og hagemark. Bioforsk Rapport 7 (192), 90 s.

Direktoratet for naturforvaltning 2009. Handlingsplan for slåttemark. DN-Rapport 2009-6, 60 s.

Ekstam, U. & Forshed, N. 1997. Om høvden opphør. Kårlvæxter som indikatorarter i ångs- och hagmarker. Naturvårdsverket, Värnamo, 135s.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. - NINA Temahefte nr. 12:1-279.

Gederaas, L., Moen, T. L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012. Artsdatabanken, Trondheim. www.artsdatabanken.no

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge.

Høeg, O.A. 1974. Planter og tradisjon. Floraen i levende tale og tradisjon i Norge 1925 – 1973. Universitetsforlaget, 751 s.

Kaland, P. E. & Kvamme, M. 2013. Kystlyngheiene i Norge – kunnskapsstatus og beskrivelse av 23 referanseområder. Miljødirektoratet Rapport, M23-2013, 103s.

Larsen, B. H., Jordal, J. B. & Lundberg, A. 2017. Status for kystblåstjerne *Tractema verna* i Norge. Blyttia 75(1), s. 8-31.

Lid, J. & Lid, D.T. 2005. Norsk flora 7. Utgåva ved R. Elven (red.). Det Norske Samlaget, 1230s.

Lindgaard, A. og Henriksen, S. (red.) 2011. Norsk rødliste for naturtyper 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Mossberg, B., Stenberg, L. & Ericsson, S. 1992. Gyldendals store nordiske flora. Gyldendal Norsk Forlag, 695s.

Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. (Red.) 1999. Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget, 252s.

Rosef, L. & Bele, B. 2007. Hundekjeks – en problemart i kulturlandskapet. Naturen nr. 2, s. 69-75.

Skogen, A. 1993. Håndbok for feltregistrering – viktige vegetasjonstyper i kulturlandskapet, Vestlandet. Del 2. Nasjonal registrering av verdifulle kulturlandskap. NINA, 48s.

Bonden sin kulturmarksflora er skrevet av NIBIO i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet og Ballast Miljøhistoriske fagtjenester. Arbeidet har mottatt økonomisk støtte fra Miljødirektoratet gjennom Nasjonalt program for kartlegging og overvaking av biologisk mangfold og midlar til arbeidet med verdifull kulturmark.

